

Årbok

FOR SYKKYLVEN 2022



Februar
Mandag Torsdag
6 13 20 27
13 20 27 28
1 8 15 22 29

S y k k y l v e n S o g e n e m n d

| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|--------|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|
| Fredag | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 |
| Lørdag | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 | |

Innhold

| | |
|---|---------|
| Kjetil Tandstad: Forord | Side 3 |
| Kai Løseth: Slokna kjærleik i retten | Side 4 |
| Hallvor Brunstad: Til Bergen etter korn i hungersåret 1813 | Side 6 |
| Anne Merete Lade: Krig i Europa | Side 15 |
| Kjetil Tandstad: Tolmodig pirkefinger | Side 16 |
| Kjell Ole Løseth: Segna om "Rjupa" frå Skotet | Side 19 |
| Eldrid Sourza: Disco-pioneren | Side 20 |
| Kjetil Tandstad: Høgskule-lobbyisten | Side 24 |
| Geir Tandstad : 5 Haikudikt | Side 28 |
| Eldar Høidal: Det er sunnmøringen i meg.. Hilde Louise Asbjørnsen | Side 29 |
| Eli Karin Sjøholt: Facebook-oppdateringar | Side 33 |
| Tor P. Mørkeseth: "Og så må vi ha prolog!" | Side 34 |
| Eldar Høidal: Barselvenner for livet | Side 39 |
| Kjell Ole Løseth: Å kjøpe brukt i Sykkylven | Side 44 |
| Jostein Drabløs: Fjorden var halve føda | Side 48 |
| Ole Bjørn Roald: Talen til dei kongelege | Side 52 |
| Nyss v/Monica Aure Fallingen: Biletkavalkade 2022 | Side 56 |
| Kjetil Tandstad: Alkohol-liberalisme i formannskapet | Side 58 |
| Per Flaaen: Tre dikt | Side 62 |
| Marcus Selmer: Parti frå Straumgjerde | Side 64 |

Sogenemnda 2022

Eldar Høidal (leiar), Edel Pernille Ystnes (nestleiar) Eldrid Suorza, Stein Arne Fauske, Thor Willy Strømme, Heidi Heggem og Hans Marius Strømmegjerde.

Årbokredaksjonen 2021

Kjetil Tandstad (redaktør), Eldar Høidal, Thor Willy Strømme, Eldrid Suorza, Kjell Ole Løseth og Ole Jostein Fet.

Årbok for Sykkylven tek imot bidrag heile året og vil gjerne ha kontakt med fleire som kan skrive. Årboka vil ikkje berre ha historisk stoff, men også skjønnlitterære bidrag, aktuelle kommentarar, fotografi og biletkunst. Ta kontakt med redaktør Kjetil Tandstad, telefon 902 01 231 eller e-post: kjetil.tandstad@gmail.com eller andre i redaksjonen.

Utgjevar: Sykkylven sogenemnd.

Utføring: Eldar Tandstad

Prent: Hatleholts Grafiske AS

ISBN 978-82-92269-31-2

ISSN 0804-2225

Forside:

Hilde Louise Asbjørnsen i rolla som Lulu i oppsetninga The Lulu Show – Livet er en dans på renter.

Foto: Anna Julia Grenberg/Blunderbuss.

Forord


I fjor oppdaga vi plutselig at vi hadde gitt ut årbok i 30 år. Tida flyg. Synest ikke det er så lenge sidan vi stod på trappa på Olagarden og sa at vi burde gå i gang med å lage ei årbok for Sykkylven, skreiv Eldar Høidal til meg nyleg. Men det var ikkje vi som fann på det. I forordet til den første årboka i 1992 takkar Eldar Høidal den tidlegare leiaren i sogenemnda, Øystein Eliassen, for at han hadde lansert ideen.

Malen har stort sett vore den same desse åra og det har heller ikkje vore stor utskifting blant menneska som står bak. Eldar Tandstad har stort sett hatt ansvar for det grafiske arbeidet. I løpet av desse tredve åra har det vore berre tre redaktørar. Eldar Høidal (1992 og 2000 – 2002) Roald Solheim (1993 – 1999) og Kjetil Tandstad (2003 –).

Opplaget har vore stigande. No trykkjer vi 1300 eksemplar per utgåve. Etter 30 år kan det passe med litt statistikk. Det samla sidetalet var fram til og med i fjor 2062 sider. Det hadde til saman vore trykt 625 ulike artiklar, skrivne av om lag 180 ulike forfattarar. Av desse er det 51 kvinner. Det gir ein kvinnekonsentrasjon på 29,3.

I årets årbok miksar vi som vanleg historisk stoff med meir aktuelt stoff. Bildekavalkaden frå året vi er inne i er det som vanleg lokalavis Nyss som står for. Og i år kan vi også by på stoff i mange og for oss nye sjangrar: Blant anna prolog, facebook-oppdateringar og dikt i den japanske haiku-tradisjonen.

Kjetil Tandstad
redaktør



Dei fem siste årbökene.



Kai Løseth
fødd 1945, er tidlegare overlege ved Ålesund sjukehus. Han er fødd og oppvaksen på Løset i Ramstaddal.

Slokna kjærleik i retten

Av Kai Løseth

I tingboka for Sunnmøre sorenskriveri 16. juli og 28. november 1715 ved tingsamlingane på Abelset, finn vi ei kjærleiksøge frå Sykkylven som enda i retten.

Dei to involverte var Ole Pedersen Blakstad frå bnr. 2, Tollevgarden og Marit Pedersdotter Aurdal. Ho var kanskje dotter til Peder Sæmundsen Aurdal, av den gamle lensmannsætta på Aurdal.

Bror til Marit, Ole Pedersen Aurdal, hadde stemna Ole Pedersen Blakstad for å få forklaring på kvifor han hadde brote løftet om å inngå ekteskap med Marit. Ole Pedersen Blakstad møtte ikkje på tinget etter første stemning. Retten pålagde at han hadde å møte på neste tingsamling, som var den 28. november same år. Ole møtte, men hadde då gifta seg med enkja etter broren, Jon Pedersen Blakstad, som det var skifte etter den 9. april 1715. Enkja var Ragnhild Larsdotter. Dei hadde to døtrer, Inger 1 ¾ år og Johanne 12 veker då skiftet vart halde.

Sitat frå tingboka side 200b, lett normalisert:

Ole Pedersen Overdal som paa sin Søster Marithe Pedersdatters vegne hafde indstefnt Ole Pedersen Blachstad efter forige tiltale, indført i folia 163, fremstillede sig med sin søster for retten, og tilspurde fornefnte Ole Pedersen Blachstad, som og møtte og vedtog stefnemalet for lovlig, hvor fore hand haver brut sit ægteskabs løfte, og om hand haver haft nogen skikelig aarsage dertil.
Hand svarede at hans sind og hiertelaug kunde ej føje sig dertil. Anden feil eller aarsage, kunde hand ei vide at forklare. Ole Ourdal derhos berettede at Ole Blachstad skal have sagt og udspreid over böigden at hans søster ei skulde være saa skichet at hun var be

Å bryte ei forloving var å bryte ekteskapsløftet og det var ei alvorleg sak på 1700-talet. For å víse at guten meinte alvor skulle han helst lage eit vakkert skrin til jenta. Dette skrinet er nok uvanleg fint utforma. Det er laga av treskjæraren og kyrkjelekunstnaren Jakob Sørensen Giskegaard (Tavle-Jakob), som blant anna har utsmykka Giske kyrkje. (Viti museum).



qvem til ægteskab, og dertil lod han fremstille tvende gammle forstandige kaaner, nemlig Mali Søvigen¹ og Guri Bendixdatter Kjemphol², som forklarede at om nogen skulde sige eller have sagt saadant, da er det usandt. De have forfaret hende og befunden at hun er skabt og skicket som et andet qvindemeniske.

Ole Blackstad dertil svarede at hand icke enten i denne eller andre tilfelde haver paasagt hende andet end ære og got, ei heller ved andet med hende, alleniste hans sind er bleven forandret, og den som haver utført noget til böigderøkte maa self svare dertil, hand ved der intet af.

Citanten³ vilde ei lade sig nøje med dette, men hafde prætension paa ægteskabsløftets brydelse, i det Ole Blackstad er nu copuleret⁴ med en anden. Hvortil han nem af retten blev svaret at hvad sag og trette som de om egteskabet og videre deraf dependederede⁵ kand have, henhører under Consistoralretten effter loven til paadømmende, og icke kan vedgiøres.⁶
Men vilde de forenes, kunde det, maaskee, paa alle sider være best, efftersom der ingen indsigelser og forbud er vorden giort, da effter loven og retualet for Ole Blackstad og hans itzige⁷ hustrue af predicestolen var lyt til ægteskab, hvorpaa de effter lang betenkning ved gotfolks mellemhandling bleve forenede saaledes: at Ole Blackstad paasagde Marithe Pedersdatter, ligesom her tilforne⁸ er forklaret, ære, dyd og got, og andet vidste hand icke med hende. Og hvad hand ved ægteskabsløftets brydelse hafde giort hende og hendes anrørende og venner imod, derom bad hand dem kierlig om forladelse, sigende derfor at hvem der hemmelig eller aabenbart taler annerledes om fornefnte Marithe Pedersdatter Ourdal, end som foreskrevet staar, maa vente tiltale og ansvar saasom for deris egne ord og paafund hannem i alle maader uvedkommelig.
Hvor ved citantinden med hendes broder og anrørende være fornøjde, og effter dette var thingsvidner begierende, som og saaledes af retten bevilget blef.

¹ Mali Andersd. Øvre Søvik f ca 1649 d 1726 frå Søvikdal

² Guri Bendixd. Kjemphol f ca 1664 d 1736 frå bnr. 1 Kjemphol, Stølen

³ saksøkjar

⁴ gift

⁵ avhenge av

⁶ gjere om, hindre

⁷ noverande

⁸ tidlegare

Kjelde:

Sunnmøre sorenskriveri, tingbok 1712–1717 side 163a:

<https://www.digitalarkivet.no/rg20090420310998>

Sunnmøre sorenskriveri, tingbok 1712–1717 side 200b:

<https://www.digitalarkivet.no/rg20090420311036>



Axel Kulle: Frieriet.
Hallwylska Museet,
Stockholm.
Foto: Wikipedia Commons



Til Bergen etter korn i hungersåret 1813

Av Hallvor Brunstad

Året er 1813. Salmund Larssen Brunstad lener overkroppen bakover. Han spenner rygg og armar og dreg årane til seg så dei slår mot årefesta.

Årane lagar straum og små virvlar i vatnet før årane blir løfta opp att, drypande, heilt tilbake til start. Vatnet sildrar rundt baugen; raskast mot slutten av kvart tak, der båten trenger vatnet til side. Ute i Storfjorden blir sjøen grovere, og bølgene slår tyngre mot båten. Salmund set kursen mot sørvest, ror vidare mot bølgene, og snart bleiknar Sykkylven lett og forsvinn ute av syne.

Året før stod han på kanten av åkeren med ei bøtte såkorn i armkroken. Han gjekk over åkeren med bestemte steg og prøvde å kaste kornet så jamt som mogeleg; det skulle vere fem såkorn i ein hestehov. Sådje ein for tjukt, vart kornet kort og smått. Var det for tynt, tok ugraset over.¹

Kanskje bad han ei stille bøn om at han skulle få god avling dette året. Slik gjekk det ikkje. Snøen kom før kornet var moge, og aksa stod i det kvite – nakne, grøne, og som böygde av skam. Kombinert med engelsk blokade skapte uåret så stor naud at Salmund sette kursen mot Bergen for å skaffe korn.

Overall

Sjølv om Napoleonskrigane herja på det europeiske kontinentet, hadde Danmark-Noreg fleire gode år. Monarkiet var dels britiskvenleg,² men gjennom ei nøytralitetserklæring kunne riket handle med begge dei krigførande sidene. Den dansk-norske flåten hadde mange norske sjøfolk om bord, og var verdas femte største.³ Etter at Frankrike og Russland vart allierte i juli 1807, frykta britane at den store flåten skulle ende opp i hendene på Napoleon. Dei fremja difor valet mellom krig og at den dansk-norske flåten hamna under britisk kommando eller vart utlevert til britane. Dette



Samtidig måleri av det britiske bombardementet av København i 1807 av Christian August Lorentzen. (Verket har falle i det fri.)

vart avvist av utanriksminister Christian Günther Bernstorff, som kalla det britiske forslaget «Trældom» og det «mest infernalske» som nokon sinne vart tenkt ut.⁴ Britane svara med å bombardere København med «Bomber, Granater, Ildkugler, gloende Kugler og Brandraketter»,⁵ og den 7. september 1807 måtte Danmark-Noreg kapitulere. Britane tok med seg heile den dansk-norske flåten, og dette har i ettertid blitt kalla flåteranet. Danmark-Noreg vart på denne måten alliert med Frankrike.

Sjølv om den danske hovedstaden hadde fått hard medfart av bombardement, var konsekvensane katastrofale for Noreg: Brått vart Noreg avskore frå den danske statsadministrasjonen, under britisk blokade, og med eit fiendsleg Sverige som nærmeste nabo.

Hungersnaud og blokade

Noreg produserte ikkje nok korn til eige forbruk, og var heilt avhengig av kornimport. I eit normalt år måtte Noreg importere kring 1/4 av kornet.⁶ Sykkylven har truleg vore i ei særstilling. Allereie i 1766 skreiv presten og etnografen Hans Strøm at Sykkylven var sjølvforsynt med korn. Sykkylvingane kunne jamvel selje korn til andre område. Strøm rosa sykkylvsbøndene for stor flid, godt åkerbruk og god gjødsling, og skreiv at kornet vaks høgt og vilt på åkrane. Han viste også til at overfloda av korn gjorde innbyggjarane mindre sparsame enn mange andre stadar.⁷

Problema i Noreg starta allereie i 1807. Kornhausten var därleg, og britane stoppa mange kornlastar frå Danmark. Jacob Aall sa det slik: «Magasinerne var slet forsynt, soldatene maatte fødes med de smuler der skulde mætte landets hungrige, eller med det sædekorn der skulde kastes i jorden.»

I 1808 kom det ein ny därleg kornhaust. På grunn av blokaden ført til umiddelbar svolt, og nett som i våra på 1740-talet prøvde mange å bøte på vanskane ved å blande bark i mjølet. Regjeringskommisjonen (som var eit midlertidig riksstyre) kom med kraftig kritikk av passiviteten til kongen og regjeringa i København med omsyn til den desperate situasjonen i Noreg. Endå meir oppsiktsvekkande var det at Regjeringskommisjonen let folket få vite om kritikken.⁸

Frå hausten 1809 til 1812 vart det igjen friare handel og betre tider på grunn av opning for lisenshandel med Storbritannia, men i 1812 kom det ein ny britisk blokade som svar på at Danmark-Noreg i sterkare grad overheldt allianseforpliktingane overfor Napoleon.⁹

Klimaendringar påverka også situasjonen negativt. I 1809 kom det eit kraftig vulkanutbrot, og saman med eit nytt kraftig vulkanutbrot i 1815, gjorde dei 1810-talet til det kaldaste på 500 år.¹⁰ I 1812 regna det mykje og var uvanleg kaldt. Tidleg på hausten kom det sterk kulde som øydede avlinga.

¹ Skrifter etter Sverre S. Brunstad.

² Glenhøj & Ottosen 2014 s. 47; Rian 2020.

³ Glenhøj & Ottosen 2014 s. 47.

⁴ Feldbæk 1998, s. 338.

⁵ Aall 1859, s. 603.

⁶ Angell 1995 s. 82.

⁷ Strøm 1957 s. 187. Strøm viste til at Sykkylven vart kalla «det lille Danmark» i samtida, og meinte kanskje litt for skråsikkert at det måtte tilskrivast dansk innvandring: «Sognet [...] er meget vel beboet og Folk-eriigt, og bør desuden ansees for eet af de smukkeste og fruktbareste Steder paa heele Søndmor, saa at det ikke uden Aarsag bliver kaldet Det Lille Dannemark, et navn som det uden Tvivl har faaet af Danske Folk, hvilke her ei fielden befindes at have sat seg ned og boet.» Ibid., s. 186-187.

⁸ Glenthøj & Ottosen, 2014, s. 180.

⁹ Frydenlund, 2014, s. 50

¹⁰ Cole-Dai, Ferris, Lanciki, Savarino & Baroni, 2009..

Spesielt store vart vanskane i 1813. Lite mat førte til at stendig fleire bukka under. Biskop Peter O. Bugge skreiv om dei vanskelege tidene i Trondheim: «Deres tal som dør av hunger, er stort; ti jeg kalder det at dø av hunger, naar legemet til sidst av ussel, unærende og liten føde vansmægter.»¹¹ Ein offisiell dansk rapport om nauda i Noreg i 1813 vitna om storstilt bruk av bark i mjølet:
 «Da saa man likesom 1808 hele skoger avklædt for av barken skaffe et usundt, unærende fødemiddel.»¹²

Uåret 1812/1813

Salmund Larssen Brunstad var fødd på Brunstad i 1768,¹³ og var sonen til Lars Salmundsen Brunstad (1726- 1785) og Gulov Pedersdatter Løvoll (1735-1815) fra Søvikdalen.

I 1793 fekk han bygsel på garden Bøen frå prostinne Tønder, og vart då ein av ti gardbrukarar på Brunstad. I 1793 gifte Salmund seg med Pernille Ingebrigtsdatter Furset (1775-1824) frå Ellinggarden (1775-1824).¹⁴

Folketeljinga i 1801 gir eit augneblinksbilete av familien. Ekteparet hadde på dette tids-punktet to døtrer, Ingeborg på fem år og Anne på eitt. Tenestejenta Birgte Larsdatter var truleg ei eldre syster av Salmund. Faren til Salmund, Lars Salmundsen, døydde i 1785, og enka Gulov Pedersdatter gifte seg på nytt i 1787 med Nils Arnesen Ljøvik frå Sunnnylven.¹⁵ Dei var kårfolk på garden.

Salmund Larssen m i første ægteskab Huusbonde Bonde og gaardbeboer 31 (alder)

Pernille Ingebrigtsdatter k i første ægteskab Hans kone 28 (alder)

Ingeborg Salmundsdatter k Deres datter 5 (alder)

Anne Salmundsdatter k Deres datter 1 (alder)

Birgte Larsdatter k Ugift Tienestepige 35 (alder)

Niels Arnesen m i 1te ægteskab Hans formand Nyder kaar af gaarden 52 (alder)

Gulov Pedersdatter k i 2de ægteskab Hans kone Nyder kaar af gaarden 65 (alder)¹⁶

Salmund var ein relativt velståande mann. Han starta bondehandel ein gong før naudsåra og lånte ut pengar ved sida av gardsdrifta. Varene fekk han med ei jekt som gjekk med bondevarer mellom Bergen og Trondheim. Sjølv om han bygsla sin eigen gard, kjøpte han Hauknut-garden på Lade i 1807 og feste han ut. Han vart på denne måten både sjølveigar, bortfestar og leiglending, noko som ikkje var vanleg.

Oldebarnet til Salmund, Sverre S. Brunstad (1899-1991), viste til jordskiftebøkene og sa at vanlege gardar i bygda hadde kring 10-12 mål med åker som var tilsådd med havre, bygg og blandakorn. Han skreiv at det var mest vanleg med ei blanding av havre og litt bygg på Brunstad, og av og til haustrug. Kosthaldet på den tida var i stor grad graut som var kokt på korn, og som difor hadde låg næringsverdi. Men i uår var folk ute ved kysten betre stilte enn dei som budde i innlandet, sidan dei hadde tilgang til meir fisk.¹⁷

¹¹ Angell, 1995, s. 196.

¹² Angell, 1995, s. 196.

¹³ Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, SAT/A-1454/522/L0307

Ministerialbok nr. 522A02, 1743-1773, s. 274.

¹⁴ Aurdal, 1975, s. 645.

¹⁵ Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, SAT/A-1454/522/L0308:

Ministerialbok nr. 522A03, 1773-1809, s. 296-297.

¹⁶ RA, Folketelling 1801 for 1527P Ørskog prestegjeld, 1801, s. 199b-200a.

¹⁷ Ottosen, 2020.

Sverre S. Brunstad fekk attfortalt, kanskje med eit snev av overdriving, at folk på Brunstad vart så kraftlause dette uåret at dei ikkje klarte å reise seg opp att viss dei sette seg ned på huk. Sjukdommar herja. For å dryge på kornet, tørka dei og mol opp den mjuke delen mellom barken og veden, og blanda det i mjølet. Det var alm som gav den beste smaken, men bjørk vart også brukt på Brunstad – kanskje fordi det ikkje var nok alm. I mindre velståande familiar må ein rekne med at det vart det brukt mykje bark, og lite mjøl.

Det var i alle fall til ei viss grad kjent at det var usunt å blande bark i mjølet. I 1808 hadde Regeringskommisjonen gitt støtte til presten Martin Richard Flor for å opplyse folk om islandslav som kornerstatning. Det var ikkje heilt vellukka på grunn av den bitre smaken, og fleire sa at dei heller ville svelte.¹⁸ Opplysningskampanjen heldt fram i avisene Christiania Intelligentssedler, der det vart oppmoda til å ete islandsmose eller fiskemjøl fordi bark ikkje hadde næringsverdi og var usunn: «Bark [...] er aldeles ikkenærrende og derhos meget usund.»¹⁹ Det kom også ei åtvaring frå statthaldaren om å skjere kornet umode.²⁰

I 1813 var det kraftig misnøye og opprørsstemning på grunn av matmangel i store delar av landet. I Molde tvinga folkemengden fogden til å gi ut 200 tønner med korn. Også i byar som Kristiansund, Trondheim, Bergen, Kristiansand og Arendal utøvde massar av frustrerte og svoltne innbyggjarar press mot lokale embetsmenn og kjøpmenn.²¹

Nauda må ha vore merkbar også i Sykkylven. Kanskje vende dei andre bøndene seg til Salmund og bad han om å gjøre det han kunne. Han som var kjend i Bergen kunne vel skaffe korn? Salmund hadde tru på at han kunne få kjøpt korn i Bergen, men det var langt - kring 320 km kortaste sjøveg.

Han kjøpte opp skinn og smør av bøndene på Brunstad og rodde mot Bergen. Kanskje segla han også viss det var bør til det, men det var lurt å halde ein låg profil: Engelske piratskip lurte ute ved kysten og tok alle kornlaster dei kom over.

Også andre var ute i same ærend. I ei av dei største bygdene i Sogn var det berre ein gard som hadde mjøl av korn, og det var prestegarden. Seks gardbrukarar frå Sogn fylte båten med gardsprodukt og sette seg til årane i ein seksåring ut Sognefjorden. Dei kom fram til Bergen, men klarte berre å skaffe to og ei halv skjeppe (43,5 liter) med korn og erter til saman.²²

Bergen

På lik linje med andre byar hadde Bergen gjort det godt i dei første krigsåra. Flåten vart dobla på seks år, og før naudsåra snudde situasjonen på hovudet fanst det mange nyrike bergensarar og rikeleg med brennevinskroer.²³ Bergen var framleis den største byen i Noreg med om lag 17.000 innbyggjarar.²⁴

For å beskytte byen mot britane vart kystvernet styrkt, og Vågen var sperra av med store kjettingar av jarn. På Nordnes skanse og Bergenhus festning må det ha krydd av soldatar.

¹⁸ Frydenlund, 2014, s. 53.

¹⁹ Berg 1808; Jørgensen 1808.

²⁰ Christian Fredrik 1813

²¹ Frydenlund, 2014, s. 54.

²² Angell, 1995, s. 106.

²³ Steen, 1969, s. 190.

²⁴ Steen, 1969, s. 287.



Kart over Bergen fra 1829.
(Kartverket: Handteikning/oppmåling av Vibe og Midtelton. Verket har falle i det fri).

Dei få avisene den gongen gir ikkje inntrykk av at noko var spesielt unormalt. Bortsett frå annonsar om utdeling av mat til fattige, var det lite som kunne tyde på ei krise. Og det mangla heilt kritikk av styremaktene – sjølvsagt på grunn av sensuren.

Dei dansk-norske utgiftene til krigen vart så store at staten trykte store setelmengder. Inflasjonen kom ut av kontroll og hamna på 1760 % i åra 1807-1812. Sparepengane til vanlege folk krympa brått i verdi, men også privilegerte embetsmenn fekk smake på ein brutal reallønsnedgang. For å vinne tilbake tilliten til valutaen, vart det innført ei ny pengeeinining i januar 1813, der riksdaleren vart avløyst med riksbankdalaren. Innløysinga gjekk til kring tidelen av gamal kurs, og gjeld til kjøpmennene vart oftast redusert etter den same kursen. Kjøpmennene må ha tenkt på gjelda då dei sette den høge kornprisen²⁵. Forholdet mellom kjøpmenn og bønder var difor alt anna enn hjarteleg. Då Salmund kom fram til Bergen, oppsøkte han sikkert handelsfolk han kjende. Der fekk han kjøpt korn før han rodde heimover.

Heime på Brunstad

Det tok ikkje langt tid før det kom ein flokk med gardsfolk til Bøen for å høyre korleis det var gått, og for å kjøpe korn. Salmund opna kisteloket og viste fram kva han hadde klart å skaffe. Opp i kista låg det ei einaste skjeppe rug (17,4 liter). Då vart det stille. Den første som braut stilla var ein svolten dreng som var med ein av bøndene. Guten fekkauge på nokre flatbrødsmular etter nistematen som låg att i kista: «Kjære vene deg, Salmund, la meg få plukke opp desse små brødsmulane som ligg på kistebotnen din.»²⁶ Det fekk han.

Sjølv om Salmund hadde det betre enn mange, kom ikkje familien unna vanskane. Mot hausten det same året gjekk Gulov ut på åkeren med si treskål i handa. Ho rispa korn frå



åkeren med ein kniv og fylde etter kvart skåla. Havren hadde ikkje merg i kornet enno. Då ho stod der ute kom sætrejentene frå Velle forbi, som skulle til Vellesætra. Dei stoppa og snakka med den 80 år gamle Gulov, som nesten for å poengttere at også dei hadde det vanskeleg, forklarte at dei skulle ete det umodne kornet: «Ja, dette er kveldsmaten vår. Av dette kornet skal eg koke suppe.»²⁷

Gulov døydde i 1815, og ni år seinare miste Salmund kona Pernille, som døydde i 1824. Skiftet viste då ei netto eige på 705 spd. Dette var ein god del pengar, for ein kunne få kjøpt ein heil gard i Sykkylven for 200-300 spd. på den tida. Året etter gifte Salmund seg på nytt med Nikoline Johannesdatter Fjørstad-H. frå Janesgarden (1790-1855).²⁸ Då Salmund døydde i 1839 var det sonen til Salmund og Pernille som tok over garden, nemleg Lars Salmundsen Brunstad (1804-1871).

Konsekvensar for Sykkylven

Generelt er det utfordrande å seie noko sikkert om korleis innbyggjarane under eitt har hatt det på grunn av eit magert kjeldetilfang. Fruktbar jord og overskot av korn i normalår i Sykkylven, burde gjere det lettare å spare korn til uår. Men viss ein gjekk tom, var det vesle som fanst av korn svært dyrt. Vi kan difor heilt sikkert seie at naudsåra råka dei fattigaste hardare enn andre. Men også familien til slike som Salmund fekk kjende nauda på kroppen.

Talet på kaloriar er likevel ikkje heile forklaringa. Eit lågare kaloriinntak var potensielt

²⁵ Steen 1969, s. 107, 194.

²⁶ Skrifter etter Sverre S. Brunstad.

²⁷ Skrifter etter Sverre S. Brunstad.

²⁸ Aurdal, 1975, s. 645.

dødeleg viss det vart følgt av feilernærings eller eit for stort måltid etter ein periode med svært lite mat.²⁹ Eit mogeleg eksempel finn vi på Tollevgarden på Blakstad. Der var det ei lita stripe korn ved sjøen som vart mode. Drengen på garden fekk i oppgåve å ro ei tønne med korn til Blakstadkverna ved Tusvikvelva. Då han ikkje kom tilbake, drog dei til kverna for å sjå etter han. Der låg drengen død med oppblåst mage. Han hadde laga seg graut av kaldt vatn og mjøl.³⁰

Som kjelde kan kyrkjebøkene gi ein indikasjon om korleis forholda var i bygda. Kyrkjebøkene registrerte diverre ikkje dødsårsaker, men dødsratane er også ein indikator på levekåra. Ut frå desse kan vi også samanlikne forholda med landsgjennomsnittet og med bygder som hadde spesielt därlege føresetnader for å klare seg godt gjennom vanskane.

Folketeljinga i 1801 viser at det i alt budde 2170 menneske i Ørskog prestegjeld. Av desse var det 1109 kvinner og 1061 menn. Sykkylven var ein del av prestegjeldet og utgjorde eit fleirtal av innbyggjarane med 1255 menneske.³¹ Underteikna har gått gjennom kyrkjebøkene manuelt og registrert talet på fødde og døde for åra 1807 til 1814. I dei gode åra fram mot 1807 var det eit lite fødselsoverskot.

Fødde og døde i Ørskog prestegjeld, Sykkylven sogn 1807-1814³²

| År | 1807 | 1808 | 1809 | 1810 | 1811 | 1812 | 1813 | 1814 |
|----------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Fødslar | 40 | 44 | 44 | 58 | 44 | 53 | 39 | 45 |
| Dødsfall | 33 | 44 | 42 | 65 | 45 | 46 | 42 | 39 |
| Balanse | +7 | 0 | +2 | -7 | -1 | +7 | -3 | +6 |

På landsbasis var døyinga på 20,6 av 1000 innbyggjarar i 1807. I 1809 hadde døyinga auka til heile 35,4, og i 1813 var ho nede i 28,9.³³ I heile perioden var det likevel berre åra 1809 og 1813 at folketalet gjekk ned i landet.

Som ventet kom Sykkylven relativt bra ut av naudsåra. Folketalsutviklinga for perioden under eitt, var positiv. Lettare tilgang til fisk gjorde ein mindre utsett for svolt i år med därlege avlinger. Vinger og Odalen prestegjeld var rake motsetnadar. Dei var kornbygder med militærforlegningar og kort veg til kamphandlingane i krigen mot Sverige. Der var dødsratane om lag dobbelt så høge³⁴ som i Sykkylven sokn dei verste åra, og folketalet gjekk kraftig ned.

Relativt mange døde i Sykkylven i 1810 kan skuldast avstanden til militærforlegningar og andre område med høgt epidemisk trykk. Krigen mot svenskane slutta i desember 1809, og heimvende soldatar tok med seg smitte til heimbygdene. Dei vanlegaste dødelege sjukdommane på den tida var «Blodgang, Forraadnelses Feber og de naturlige Kopper»³⁵ - altså dysenteri, flekktyfus og småkopper. Desse førte til dødsratar som på landsbasis var

²⁹ Hisham, M., Moledina, J. & Travis, J., 2008.

³⁰ Historia er fortalt av Olav Blakstad etter munnleg overlevering frå Johan A. Aurdal.

³¹ Arkivverket, 2014, s. 9, 27.

³² Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregister - Møre og Romsdal, SAT/A-1454/522/L0308: Ministerialbok nr. 522A03, 1773-1809, s. 795-833; Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregister - Møre og Romsdal, SAT/A-1454/522/L0309: Ministerialbok nr. 522A04, 1810-1816, s. 2-96. Spedbarnsdøyinga er også inkludert her. Kring eitt av fire barn døydde i løpet av det første leveåret. Talet på dødføslar var også mykje høgare enn i dag, men er ikkje medrekna her.

³³ SSB, 1969: 44-45.

³⁴ Schønsby, 2010.

³⁵ Schønsby, 2009, s. 43.

verre enn i 1813. Sykkylven ser ut til å passe i denne kategorien.

I 1813, då nauda var som verst, hadde Sykkylven faktisk færre døde i absolutte tal enn i dei fleste åra før og etter: Folk svalt, men dødsfall på grunn av matmangel må ha vore svært sjeldne. Kanskje er det ikkje så rart viss eit nokså einsidig kornbasert kosthald vart supplert med meir vitaminrik fisk. Mange stader i landet var avlinga god hausten 1813. Då kornhandelen kom i gong att hausten 1814,³⁶ var krisa over for godt.

Kollektivt medvit

Uåret 1812 førte til den siste hungersnaua i Noreg. Etter 1814 kom eit fall i døyinga som førte til store barnekull og kraftig vekst i folketalet. Mange fekk høyre historier frå då det var ufred, uår og svolt, slik at minnet om desse dramatiske hendingane har levd vidare fram til våre dagar.

Nauda i Noreg auka også misnøya med Danmark, og var med på å løyse opp band som hadde blitt stendig sterke over fleire hundre år. Ein utanrikspolitikk som ikkje tente Noreg og ei oppfatning av at danskane i tillegg forsømde Noreg, endra på dette. Open kritikk av styresmaktene, kornoppløp mot embetsmenn, og konfliktar mellom handelsfolk og bønder var opprivande for den sosiale ordenen. Slik opna nauda for tankar om folkestyre og Noreg som sjølvstendig nasjon.

³⁶ Glenthøj & Ottosen, 2014, s. 187.

Kjelder

Aviser

Berg, A. (1808, 13. mai). For de Fattige. Christiania Intelligentssedler, s. 7-8.

Christian Fredrik (1813, 6. august) Til Kongeriget Norges samtlige Biskopper. Budstikken, s. 1.

Jørgensen, L. (1808, 28. juni). Bedste Tilberedelse og Anvendelse af den Islandske Mose. Christiania Intelligentssedler, s. 1-2.

Internett

Arkivverket (2014). Folketeljing 1801 for 1527 Ørschoug prestegjeld. Henta 12. jul. 2022 frå https://xml.arkivverket.no/folketellinger/hefter/1801/15More_og_Romsdal/f8011527_hefte.pdf.

Cole-Dai, C., Ferris, D., Lanciki, A., Savarino, J. & Baroni, M. (2009). Cold decade (AD 1810–1819) caused by Tambora (1815) and another (1809) stratospheric volcanic eruption. Geophysical Research Letters, Vol. 36, L22703. <https://doi.org/10.1029/2009GL040882>

Hisham, M., Moledina, J. & Travis, J. (2008). Refeeding syndrome: what it is and how to prevent and treat it. BMJ, 336:1495–1498. <https://doi.org/10.1136/bmj.a301>

Ottosen, M. (2020.) Barkebrødstider 1807–1814. Henta 12. jul. 2022 frå <https://www.norgeshistorie.no/grunnlov-og-ny-union/1346-barkebrodstider-1807-1814.html>

Rian, Ø. (2020). Danmark-Norges utenrikspolitikk 1797–1807. Henta 12. jul. 2022 frå <https://www.norgeshistorie.no/grunnlov-og-ny-union/1374-danmark-norges-utenrikspolitikk-1797-1807.html>

Schjønsby, H. (2010). Amtfysikus Christian Lintrups virke i Hedemarkens amt i årene 1800-31. Tidsskrift for Den norske legeforening, 130: 2484-7. <https://doi.org/10.4045/tidsskr.10.0684>

Schjønsby, H. (2009). Sundhedscollegiet 1809-1815. Det første sentrale administrasjons- og tilsynsorgan for helsevesenet i Norge. (Rapport fra Helsetilsynet 1/2009). Henta 6. sep. 2022 frå https://www.helsetilsynet.no/globalassets/opplastingar/publikasjoner/rapporter2009/helsetilsynetrapporet1_2009.pdf

Bøker

Angell, H. (1995) Syv-aars-krigen for 17de mai 1807-1814. Oslo: Bjørn Ringstrøms antikvariat.

Aurdal, G. (1975). Gardssoga II. Sykkylven Sogenemnd.

Feldbæk, O. (1998). Danmark-Norge 1380-1814, bd. IV. Oslo: Universitetsforlaget.

Frydenlund, B. (2014.) Spillet om Norge. Det politiske året 1814. Oslo: Gyldendal.

Glenthøj, R. & Ottosen, M. (2014). Krig, nederlag, frihet: Danmark-Norge under napoleonskrigene. Oslo: Spartacus Forlag.

Statistisk Sentralbyrå (1969). Historisk statistikk 1968. Oslo: Statistisk Sentralbyrå.

Steen, S. (1969). Bergen – byen mellom fjellene. Et historisk utsyn. Bergen kommune.

Strøm, H. (1957). Physisk og Oekonomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør: beliggende i Bergens stift, i Norge. Anden Part. Oslo: Børsums forlag.

Aall, J. (1859). Erindringer som bidrag til Norges historie fra 1800 til 1815. Christiania: J. W. Cappelen.

Krig i Europa

Av Anne Merete Lade

Då Russland gjekk til angrep på nabolandet Ukraina 24. februar i år, var det mange tankar og kjensler som dukka opp. Eg hadde den kalde krigen friskt i minnet, men trusselen i aust hadde med åra bleikna litt.

Vi har hatt det så godt i Norge, krig og svolt har vore noko langt borte. Følelsen av å vere litt naiv og stole blindt på at trusselen frå denne stormakta i aust ikkje eksisterte lenger, vart no overveldande.

Eg vart redd, det var så nært, det var tross alt krig i nabolaget mitt. Det var menneske lik meg, som no trengte hjelp. Denne krigen har prega oss alle og det første eg hadde behov for, var å skrive. Det blei dette diktet.

EI BØNN FOR UKRAINA

Eit bomberegn over Ukraina,
eit barn med eit blikk fylt av frykt.
Ein heim som er bomba til småstein,
i eit land der det ikkje lenger er trygt.

For alle som kjempar i krigen,
kvar soldat, kvar ein far og kvar ein sønn.
Det flyt blod, men fatt håp, Ukraina.
Eg vil be for alle ei bønn.

Byer er lagt i ruiner, ikkje så lett å forstå.
Putin sin råe vondskap, diktatorens rotne spel.
På flukt i ei utrygg framtid,
der menneskeliv ikkje tel.

Ei bønn for alle som flyktar,
ei bønn for ei betre verd.
For demokrati og for fridom,
slik som eg har det her.



Anne Merete Lade
fødd 1970, har fagbrev som
mobeltapser og har arbeidd
på Ekornes dei 29 siste åra.
Skriving av dikt og prosa er ein av
hennar hobbyar.



Kyrkje i landsbyen Sopiv,
Ivano-Frankivsk Oblast,
Ukraina.
(Wikipedia Commons)



Tolmodig pirkefinger

Av Kjetil Tandstad

Kjetil Tandstad
fødd 1950, har bakgrunn som journalist og som leiar ved Møbelmuseet i Sykkylven. Han er redaktør i Årbok for Sykkylven.

For folk flest er kommentarfelta blitt ein stad ein held seg unna på grunn av mistenkjeleggjering, manglende respekt for fakta og utskjelling. Inne i dette meiningskaoset av vist og gale har Rune Erlandsen heilt frivillig funne sin plass. Eg tek gjerne rolla som pirkefinger, seier han.

Rune Erlandsen har blitt pensjonist. Ei sterk musikkinteresse, eit langt arbeidsliv innan sal og service, og dei siste 12 åra som lærar har gjort at 65-åringen alltid har hatt mykje med folk å gjere. Det har skapt eit stort og breitt engasjement, særleg for samfunn, politikk og kultur. Ikkje minst har han fått interesse for kommunikasjon og samfunnsdebatt. Det er interessant å få debattantane til å utdjupe meiningsane sine, seier han. Det er slikt ein lærer av. Det er heller lite å lære av dei som meiner akkurat det same som ein sjølv.

Før koronaen var han i mange år med i ei diskusjonsgruppe som møttest med ujamne mellomrom, nettopp for å friske opp kunnskap og bryne meininger om aktuelle emne. Koronaen stoppa dette. Slik vart kommentarfelta på Facebook ei slags erstatning. No blandar han seg i debattar der han synest det trengst for å påvise faktafeil. Han stiller spørsmål ved manglende logikk og påtalar därleg debattstil. Han legg vinn på å vise respekt for dei han diskuterer med, men krev også respekt tilbake.

Fantastisk verktøy

Smarttelefonen og datamaskin gir oss tilgang til eit ute sosiale media som gir høve til å sjå og bli sett, fantastiske verktøy for den som vil eksponere seg og sitt for ei heil verd. Samstundes blir grensa mellom det reint private og det allment tilgjengelege utspeide. Innhold, som eigentleg er meint for eit fåtal, hamnar på «oppdragstavla» der alle kan sjå, reagere og gi tilsvare. Eller kommentere, som det heiter.

Å dele artiklar frå pressa eller andre nyhetsplattformar i sosiale media, gjerne med sin eigen kommentar som overskrift, er ein måte å spreie det ein finn interessant, sjokkerande, klokt eller dumt. Samstundes er det ein måte å ytre eigne meininger, seier Rune Erlandsen. Han har sans for denne prosessen, anten det er for å få i gang ein diskusjon eller for å gi og få kommentarar. Er ein heldig, kan slike delingar utløyse diskusjonar som utviklar seg til «kilometerlange» kommentartrådar med svært gjevande, sakleg og interessant innhald. Men ofte blir slike kommentarfelt ein stad for ei aggressiv meiningsbryting. På godt og vondt. Mest vondt, vil kanskje nokon seie.

Steile frontar

Dei siste åra med klimadebatt, ein kontroversiell president i USA og krig i Ukraina har gitt oss mengdevise av debattkjelder til å ause frå. Ofte er ytringane om slike heite tema både bastante og polariserte. I slike kommentartrådar blir ofte meiningsmotstand eller ærlege spørsmål om utdjuping møtte med personangrep. Kanskje ikkje i form av direkte sjikane, ukvensord og kallenamn, men heller som personkarakteristikk. Uopplyst, «woke», kunnskapslaus, redd, blind, slov, etterdiltar, floksau, MSM (Mainstream Media)-tilhengar og liknande er gjerne karakteristikkar som sit laust hos enkelte. Og oftast ikkje som



Eg vil prøve å vere ei motvekt til dei som diskuterer berre ved å diskvalifisere andre sine meininger og kunnskapar, seier Rune Erlandsen.
(Foto: Kjetil Tandstad)

«krydder» i sin eigen argumentasjon, men i staden for argument. Ein ytrar ei bastant mening for eller imot i ei sak. Dei som ikkje er samde, får passet sitt påskrive.

-Kvífor har det blitt slik?

-Av dei som ytrar seg ufint i kommentarfelta, er det truleg mange som gjer dette for å vere ufine på gøy, for å «trolle» og øydeleggje ein debatt, og dei har sikkert glede av det. Andre er ute etter å hetse, gjerne så ille at nyheitsplattformar ser seg nøydde til å stenge kommentarfeltet under artiklane sine etter kort tid på grunn av dei støyande og sjikanerande ytringane, og slette kommentarar. Andre plattformar er meir slepphendte med kva dei aksepterer. Her kan det florere av grove omtalar om politikarar, personar og kommentatorar.

Guteromsprat

Ofte kan dette likne på gutteromsprat der ein kan slenge drit om andre som ikkje er til stades utan å møte motargument. Nettsamfunn der dette går føre seg i stor stil blir gjerne omtala som ekkokammer, der medlemmane har det same synet på verda, og forsterkar kvarandre sine meininger. Det som lek ut frå slike samfunn er gjerne reine konspirasjons-teoriar.

-Og kvífor hamnar dei på trådar som alle har tilgang til?

-Skjermen og tastaturet er ein inngangsportal til verda. Samstundes er det eit stengsel mot enkeltmenneske. Ein les skrift, ein ser bilete og filmsnuttar, men ein står ikkje andlet til andlet med nokon som helst. Mange av dei som ytrar seg ufint mot andre på nettet hadde aldri gjort det same over eit kafébord, på venterommet, i klasserommet. Ikkje i ein telefonsamtale heller. Då blir det brått så personleg, og ein modererer seg og tek omsyn. Kanskje meiner ein ikkje så bastant heller, eigentleg, «innmed beinet», som eg brukar å seie.

Det dei kanskje gløymer, er at sjølv om ein har ein skjerm og eit tastatur mellom seg sjølv og alle andre, så kan orda opplevast like personleg krenkande i andre enden, hos den dei er ufine imot, som om leksa var servert andlet til andlet. Og ikkje minst, alle andre kan sjå

kva slags person ein sjølv står fram som. Ein veks ikkje akkurat i andre (enn meiningsfelane) sine auge når ein oppfører seg slik.

Ytringsfridom

Sjølvsgagt har alle ytringsfridom. Noko som kan sjå ut til å vere ei mistyding hos litt for mange, er at ytringsfridomen skal vere ein rett til å kunne ytre seg uimotsagt. Det dei gløymer då, er at dei som eventuelt har motytringar, har nett den same ytringsfridomen. Den retten blir oftast ikkje forsvert i like stor grad. I staden kan den som måtte ha saklege motargument, eller som stiller spørsmål, bli møtt med usaklege og uhøviske utsegner som ikkje eignar seg til anna enn å få den andre til å forlate tråden. Mission completed? Kansellering går vel ut på å ta frå andre ytringsfridomen.

Men eg må innrømme at eg er litt «nettroll» sjølv. Eg greier ofte å irritere og provosere bastante kommentatorar som trur at meininger er det same som kunnskap og at sjikane er eit motargument. Det gjer eg ved at eg så langt det er mogleg held meg til saka, kjem med spørsmål om bakgrunnsopplysningar, riv ned faktalaus «dokumentasjon» og referansar som ikkje er anna enn linkar til kjelder som meiner det same.

Eg vil vere ei slags motvekt til dei som «diskuterer» berre ved å diskvalifisere andre sine meininger og kunnskapar. Dette er ikkje meint som ein moralisk peikefinger. Men eg tek gjerne på meg å vere ein pirkefinger, seier Rune Erlandsen.

-Mange i nettdiskusjonane er ufine på gøy, for å «trolle» og øydeleggje ein debatt, seier Rune Erlandsen. (Foto: Kjetil Tandstad)

Nettroll øydelegg ofte debatten.
(Wikipedia Commons)



Segna om «Rjupa» frå Skotet

Av Kjell Ole Løseth

Som alle andre segner er forteljinga om «Skotsrjupa» noko som lever på folkemunne. Ho omtaler noko som skal ha hendt i Storfjordområdet etter Svartedauden (Yersina Pestus) Populært kalla «Pesta» eller «Den store mannedauden». Pest herja i Noreg med ujamne mellomrom i tida 1349 til 1654, også i vårt område.

Sanninga i eit segn skal ein sjølvsgagt ta «med ei klype salt», men folkeminnegranskurar meiner at det alltid er sjanse for at slike forteljingar skildrar verkelege hendingar frå for-tida. Det finst mange segner frå Svartedauden. Mest kjend er segnet om «Jostedalsrjupa» frå Jostedalen i Sogn: Ei lita jente var einaste overlevande etter Svartedauden i 1349. Då dei kom over henne var ho «vill som ein fugl» så dei kalla henne «Rjupa». Ho blei etter kvart stammor til den kjende Rjupeætta.

På Skotet, i tidlegare Stordal kommune, har det budd folk heilt frå vikingtida. I dag er det tre gardar der – Inste Skotet, Me-Skotet og Ytste Skotet. Sistnemnde er det Storfjordens Venner som eig, med 19 restaurerte bygningar.

Folket som budde på Skotet då Svartedauden kom, slapp ikkje unna pesten. Alle døydde, berre ei ung jente overlevde, seier segnet. Her kunne ho ikkje vere att åleine. Ho tok ut på vandring. Ho gjekk oppover mot fjella og visste at det budde folk på andre sida – Ramstaddal heiter det i dag. Ho var rådvill om korleis ho skulle finne vegen dit. Så kom ho opp på ein fjelltopp og fekk sjå Ramstaddalen som låg rett nedanfor. Ifølgje segnet var folket som budde der nesten utrydda av styggdomen. Men så såg ho noko som skulle berge livet hennar: På Melset, midt i dalen, kom det røyk frå ei stove. Med livet som innsats klivra ho ned fjellsida og tok seg fram til huset. Der budde ein litt eldre gut. Enden på visa vart at dei to blei gifte etter kvart og fekk born. Så kanskje er ho stammor til dagens ramstaddalinger?

Namnet «Skotsrjupa» er vel truleg inspirert av den før nemde «Jostedalsrjupa».



Kjell Ole Løseth
fødd 1941, er tidlegare lærar
og skulesjef i Sykkylven. Han er
ein travle pensjonist, oppteken
av organisasjonsarbeid, revy og
lokalhistorie.

Frå Ytste Skotet.
Foto: Kjell Ole Liseth

Disco-pioneren



Av Eldrid Sourza

Eldrid Sourza
fødd 1950, har arbeidd som lærar, rektor, flyktningkonsulent og kommunalsjef. Ho er medlem av årbokredaksjonen.


Noregs første diskotek, Colony Club, skal ha blitt opna i Oslo våren 1969. Same året fekk Sykkylven sitt Fiba Discoteque i det tradisjonsrike og nedlagde ungdomshuset Valhall.

«Diskotek du, kva er det for noko? Er det ein stad der de sit rundt eit bord og diskuterer?» spurde gamle lensmann Bernt Tandstad då Finn Bakke ba om løyve til å starte diskotek på gamle Valhall i 1969. Finn og gjengen på diskoteket hadde stor moro av dette seinare.

Sett i ettertid var det kanskje ikkje så rart med eit slikt spørsmål, for diskotek var ikkje noko vanleg på den tida. I følge Wikipedia er «diskotek et danselokale (ofte klubb) hvor en DJ framfører innspilt musikk, heller enn levende musikk. Ordet var tidligere brukt som betegnelse på platearkiv». På nettet kan vi lese ein NRK-artikkel som fortel at det første diskoteket i Norge, Colony Club, opna i Oslo i 26. april 1969. «Vi satte i gang musikken, og de som kom, dem danset, forteller DJ Løken».

Store høgtalarar

Same året dundra det i store høgtalarar i det gamle ungdomshuset i sentrum av Sykkylven. Ungdomshuset Valhall vart sett opp på Aure i 1914, der Intersport ligg i dag. Eigar var Sykkylven frilynde ungdomslag og huset var ein viktig møteplass for folket i bygda i mange år. Der hadde ungdommen dansa, hatt festar, møte, kurs og kino i fleire tiår. Til og med verkstad og skule hadde periodevis lokale i Valhall. I 1950-åra vart huset for lite, og ungdomslaget såg seg om etter ny tomt og nytt hus. Det vart bestemt at Valhall skulle seljast og pengane investerast i eit nytt samfunnshus som var i emning.



Finn Bakke flott og stilig kar som alltid var solbrun etter mange turar i fjella og til «Syden».

Severin Bakke dreiv fargehandel på Aure. Han fekk kjøpe huset i april 1969 med tanke på å rive det for å få tomt til nytt forretningsbygg. Slik gjekk det til at Finn Bakke fekk tilgang til huset.

Finn Bakke (f. 1947- d. 1990) var sonen til Severin Bakke. Han var 22 år denne tida, ein framsynt person, interessert i sport, musikk, foto, fotball og raske bilar. Finn hadde ein progressiv musikksmak og følgde godt med på nye trendar både innan musikk og mote. Kvart år drog han på jazzfestivalen i Molde. Han var ein flott og stilig kar som skilde seg ut med ein moderne klesstil med fløyelsdress og slengbukser. Dessutan var han alltid solbrun etter mange turar i fjella og til «Syden». Finn ynskte truleg eit anna tilbod for ungdommen enn dei tradisjonelle

dansane på ungdomshusa til musikk frå dei vanlege lokale dansebanda. Ikkje minst var det viktig med nye låtar frå det allereie store platearkivet hans.

Lydanlegg


Den aller første tida var nok lokalet i Valhall mest ein privat møteplass og festplass for vener og kjente, men Finn såg snart at det var potensiale for meir. Han var interessert i å gjere business, og ein forretningside utvikla seg. Han ville starte diskotek, noko som var heilt nytt i Noreg på den tida.

For å starte diskotek måtte han ha eit skikkeleg bra lydanlegg. Han kontakta K. Welle & Co som dreiv elektroforretning på Aure og sa kva han ville ha: eit stort musikkanlegg, størst mulig. Der arbeidde Helge Tandstad, som fekk oppdraget. Han fortel:

Det var eg som prosjekteide anlegget til Finn og fungerte som teknisk ansvarleg for drifta då eg jobba hos K. Welle & co, som leverte alt utstyret. Eit B&O-anlegg på 2 x 60 watt var det største som kunne skaffast då. Så bygde eg landets første lysanlegg. Det var først utstilt i butikkvinduet til Kalle Welle, kopla til ein Tandberg radio, før det vart montert på Valhall. Til og med Dizzie Tunes møtte mannsterke opp og løyste billett for å sjå lysshowet i drift, etter ein heller flau konsert på Samfunnshuset der det sykylvske publikummet reiste seg og hasta ut før dei var ferdige med showet.



Plakaten for Fiba Discoteque var prydd med denne stilige siluetten. Modell var Bente Grebstad Molnes og Svein Magne Fredriksen var fotografen.



Medlemsklubb

Diskoteket måtte marknadsførast. Finn fekk laga ein plakat der det var bilete av ei jente med hatt i silhuett. Svein Magne Fredriksen var fotograf og modellen var Bente Grebstad Molnes. Bente var også ei jente som skilte seg ut i gatebildet. Til forskjell frå jentene i miniskjørt var ho gjerne tøff på sin eigen måte; i svart sid frakk og svart hatt. Det var kanskje derfor ho vart vald til å promotere FIBA. Men Bente var også ein ivrig deltarar, og ho var med i gjengen rundt Finn. Ho fortel at det var medlemskap i «klubben», med medlemskort og eigne reglar. Finn godkjende kven som kunne få medlemskap. Det var berre ein liten klick av vene og hjelparar som hadde tilgang til det private rommet bak scena.

Diskotek vart arrangert ein til to gongar i veka, helst onsdag og fredag. Laurdagane var det ofte dans på ungdomshusa rundt om i bygda. Det var sjølvsgt mest ungdom i tenåra og oppover i 20-åra som var på diskotek og utfalda seg på dansegolvet.

Dette var noko nytt; blinkande diskolys i fleire fargar og i taket med musikken, skapte sjølvsgt ei eiga stemning. Helge Tandstad fortel at 10-11 prosjektorlamar på 100 watt vart hengde opp i taket, til saman over 1000 watt, det var rett og slett voldsomt. Lyd og lys vart så sterkt for nokre at dei måtte gå ut og lufta seg.

Ungdomen tok godt imot tilboden. Dei måtte kjøpe billett, men billettpisen var rimeleg. Inntektene gjekk mellom anna til drift av anlegg og kjøp av plater. Finn Bakke følgde med på hitlistene, og bestilte nye plater frå England etter kvart som dei kom i handel. Det var helst popmusikk, country og soul som vart spelt; Aretha Franklin, Otis Redding, Marvin Gaye, Creedence Clearwater Revival, Deep Purple, Beatles med fleire.

Non stop musikk

Musikken vart spelt non stop, men platene vart skifta manuelt den første tida. Seinare kom det på plass ei mikseordning som gjorde det mogleg med automatiske skift. Det var ingen DJ. Finn tok ikkje den rolla, men han hadde fleire som hjelpte til. Særleg kan nemnast Dagfinn Tynes. Helge Tandstad var fast til stades for å passe anlegget og fikse det om noko stoppa opp.

– Miljøet var godt, seier Helge Tandstad. Det var ingen uheldige episodar på diskoteket som han kan hugse. Det var heller ikkje sal av noko drikke. Lensmannsbetjent Haugseth var stadig innom og forte tilsyn. Diskoteket måtte stenge til ei viss tid om kvelden. Kva som skjedde etter stengetid, kjenner ikkje Helge til.

Valhall låg i eit bustadområde. Når så mange ungdomar var samla, er det lett å forstå at det kunne bli litt uro av og til. Rolf Bakke, bror til Finn, hugsar at familien kunne få telefon frå folk som klaga på at dei ikkje fekk sove. Vi kan slå fast at diskoteket var svært populært blant ungdomen, men kanskje mindre likt i nabologat på grunn av støy. Tilboden varte ikkje så lenge, truleg var det i gang frå 1969- til 1972.

Diskotek på Sjølyst

Etter at Valhall vart rive, flytta Finn Bakke anlegget over til hotellet Sjølyst. Der vart diskoteket drive vidare i lang tid. Anlegget stod i ei krå i salen ned mot sjøen, og det var fulle hus på alle arrangement. Finn hadde også oppdrag utanfor bygda, og arrangerte sporadisk diskotek både i Ålesund og Stranda. Helge Tandstad bygde også fleire store musikkanlegg seinare og dreiv mobilt diskotek i ungdomshusa på Stranda, i Straumgjerde og Ikornnes. 70, 80- og 90-åra var nok ei glanstid for utelivet til ungdomen i Sykkylven, med fleire utesader både i sentrum og i grendene. I alle fall er det heilt sikkert, og litt av ein kuriositet, at FIBA DISCOTEQUE var svært tidleg ute, kanskje av dei aller første i Norge.

Kjelder:

Helge Tandstad, Bente Grebstad Molnes, Rolf Bakke, Oddrun Lade.



Medlemskort i
Fiba Discoteque for
sesongen 1971/72.



Finn skilde seg ut med
ein moderne klesstil med
flyelsdress og slengbukser,
og som her, med hatt!

Høgskule-lobbyisten



Av Kjetil Tandstad

Kjetil Tandstad
fødd 1950, har bakgrunn som journalist i blant anna Dag og Tid og Sunnmørsposten og ti år som leiar ved Møbelmuseet i Sykkylven. Han var del av det aller første studentkullet då distriktshøgskulen i Volda opna i 1971.

Høgskulen i Volda har nettopp feira sine første femti år. Ein ung student frå Sykkylven hadde ein stor del av æra for at det skulle bli høgare utdanning også i bygdemiljø.

Utdanningsnivået på Sunnmøre var lågt då utdanningssamfunnet for alvor slo inn over fedrelandet rundt 1970. Tilbodet på høgare utdanning var smalt og stort sett berre tilgjengeleg i Oslo, Bergen og Trondheim. I Volda hadde dei rett nok hatt lærarskule sidan 1895, noko som hadde gjort Sunnmøre til ein netto eksportør av nynorskalande, fråhaldande og religiøse lærarar til heile landet. Folkeskulelæraren var også så godt som den einaste modellen den oppveksande slekta hadde om dei ønskte seg høgare utdanning. Men ei ny tid var i emning.

Nye impulsar

På tampen av sekstitallet bles nye impulsar også inn over Nordvestlandet. Universiteta åleine kunne ikkje dekke den nye etterspørselen etter utdanna arbeidskraft. Ungdoms-kulla var store. Næringslivet hadde blitt meir differensiert. Den framveksande velferdsstaten trengde nye typar ekspertise til alle dei nye profesjonane som vokser fram. Samfunnet hadde bruk for eit utdanningstilbod over nokre år som kunne gi tilbod om eit breitt spekter av fag. Resultatet vart dei såkalla distriktshøgskulane «.. truleg det mest vesentlege som har hendt i norsk universitets- og høgskolepolitikk i denne mannsalderen», oppsummerte rektor ved Universitetet i Oslo, Johs Andenæs, etter at skuleslaget etter kvart hadde funne si form.

Midt på sekstitallet forstod dei styrande at det gamle utdanningssystemet var for stivbeint og lite fleksibel. Den såkalla Ottosen-komiteen vart utnemnd i 1965 og fekk som oppgåve å leggje føringar for ei modernisering av høgare utdanning. Tanken var at det var dei største byane i landet som ikkje hadde universitet, som skulle få eit tilbod om kortare



Eit godt stykke ut på hausten i 1971 stod nybygget til distrikts-høgskulen i Volda klart for å ta imot studentane. No skal bygningen bort for å gi plass til endå eit nytt høgskulebygg på campus i Volda. (Foto: Kjetil Tandstad)

og yrkesretta «postgymnasiale» studietilbod. Så skulle universiteta ta seg av nivået over.

Forsлага om eit nettverk av høgskular utanfor universitetsbyane førte naturleg nok til hektisk lobbyverksemrd for å posisjonere seg i alle delar av landet. Sunnmørsposten lanserte naturleg nok Ålesund som skulestad. Då reagerte psykologistudenten Rolf Sagen frå Sykkylven kraftig. «Eg hugsar akkurat kor eg gjekk og stod då eg las dette. Eg var heime i Sykkylven. Eg kjende heile kroppen protesterte og tok den beslutninga då, at det aldri skulle skje».

Kulturkollisjon

Det var starten på eit engasjement som i ettertid har vore lite påakta, men som historikaren Oddbjørn Magne Melle har framheva som viktig i doktorgradsavhandlinga Ein høgskule finn sitt distrikt frå 1999. Rolf Sagen (1940 – 2017) vokste delvis opp i Sykkylven. Han valde å reise til Ålesund for å gå på gymnasiet. Der opplevde han ein kulturkollisjon mellom småbyen og hans eigne bygdeverdiar, fortalte han seinare. Gymnastida hans i Ålesund var ikkje lukkeleg, men skulle bli stoff for diktaren i han. Hybeltilværet for einsame bygdeungdommaribyenskildrahanblantannaigjennombrotsromanenMørketsgjerningar (1976). Før det hadde han gitt ut diktsamlinga Dørklinker (1968) og den eksperimentelle collage-romanen Kvengedal (1970) med klipp frå lokalavisene Sykkylvsbladet og Sunnmøringen. Seinare skulle han bli den som skipa og leia Skrivekunstakademiet i Hordaland. Totalt gav han ut 30 titlar fordelt på lyrikk og romanar både for born og unge. Nynorsk språk og bygdeverdiar stod sentralt i forfatterskapen gjennom heile livet hans.



Forbundsheimen – eigentleg hybelhus og kafé for lærarstudentane i Volda – vart det første mellombelsle lokalet for Distrikts-høgskulen i Volda hausten 1971. Då høgskulen feira sine første femti år var bygninga under riving. (Foto: Kjetil Tandstad)

Men på tampen av 60-talet studerte Rolf Sagen enno psykologi i Oslo og var medlem av Studentmållaget i Oslo. Studentmållaget hadde lange tradisjonar som ei kulturell og politisk kraft heilt tilbake til skipinga i 1900. Dette var staden der gåverik landsunddom som var i ferd med å utdanne seg inn i dei høgaste stillingane i samfunnet kunne markerte seg. I 1968, tidleg i diskusjonen om kvar distriktshøgskulane skulle plasserast, kasta medlemmer av Studentmållaget i Oslo seg rundt og skipa Aksjonsnemnda for DH i bygdemiljø. Rolf Sagen skulle bli den fremste drivkrafta i dette arbeidet. Personleg heldt han ein låg profil, men var organisator, brubyggjar og ein effektiv lobbyist i maktas korridorar. Han var ikkje typen som ville bli leiar og samle personleg makt. «Rolf Sagen var flink til å unngå formelle verv. Men når to-tre personar var samla og la strategiske planar, så var Sagen der. Han var litt av ein ideolog og stod Gunnar Skirbekk nær», opplyser kampfelle og seinare historieprofessor Ola Stein Stugu.

Drivkraft

Rolf Sagen blir i avhandlinga til historikaren Oddbjørn Magne Melle nemnt som den fremste drivkrafta i Aksjonsnemnda for DH i bygdemiljø. Bak denne organisasjonen stod åtte bygde- og nynorskorganisasjonar, med Studentmållaget som den drivande krafta. Rolf Sagen vart som ein general i denne kommandosentralen. Studentmållaget fungerte som det utøvande organet. Aksjonsnemnda fekk etter kvart støtte frå 200 landkommunar. Målørsla stod samla om kravet om høgskuleutdanning også i bygdemiljø. Rolf Sagen fekk til og med skrive leiarartiklar i avisene Dag og Tid og han skreiv reportasjer frå bygdemiljø som kunne vere aktuelle for distrikts-høgskule. Lokalt på Sunnmøre vart det heller ikkje sove i timen. Rolf Sagen var også den personifiserte linken mellom Volda/Ørsta og Oslo, skriv Oddbjørn Melle. Argumentasjonen frå den unge studenten gjorde inntrykk både lokalt og blant dei som hadde makt både i regjering og på Stortinget.

Som første lokale komité i landet la Volda-miljøet fram sine argument for ein distrikts-

Rolf Sagen var den diskrete lobbyisten i kampen for å få høgskuleutdanning også til bygdemiljø. Arbeidet hans var sterkt medverkande til at det vart distrikthøgskule i Volda fra 1971. (Foto: Sunnmørs-posten)



høgskule alt i 1967. Viss Møre og Romsdal skulle få høgskule, var det på ingen måte sjølv sagt at høgskulen skulle leggjast til ein by, slo dei og deira våpendragarar i Studentmållaget i Oslo fast. Volda-komiteen hadde stolte akademiske tradisjonar å vise til: Opplysningspresten Hans Strøm. Sivert Aarflot, med landets første avis på landsbygda. Nynorsk-grunnleggjaren Ivar Aasen. Lærarskule frå 1895 som på 1920-talet med sine 400 elevar hadde vore størst i Skandinavia. Det første gymnaset på landsbygda (1910) og handelskule frå 1933.

Kultursenter

Kva hadde Møre og Romsdal elles å vise til av akademiske tradisjonar? Ikkje veldig mykje. Ålesund hadde kanskje eit par sofubreidder med lektorar på lærarrommet på Latinskolen, elles var det smått stell. I Kristiansund var det minst like tynt. I den gamle embetsmannsbyen Molde stod det litt betre til. Men når det galt akademisk tyngde og danning, var det faktisk Volda/Ørsta det naturlege valet, kunne Rolf Sagen med tyngde slå fast.

Kyrkje- og undervisningsminister Kjell Bondevik var også blant dei som først tenkte at det nye skuleslaget helst måtte kome i større byar. Men blant yngre akademikarar spirte nye tankar. Ein av dei som argumenterte for at språk og kultur i store delar av landet vart undertrykt av dei akademiske miljøa i universitetsbyane og meinte at landet måtte få eit utdanningssystem som motverka sentralisering og fråflytting og som kunne gi kraft i arbeidet for utkantane, for primærnæringane og for miljøvern, var bergensfilosofen Gunnar Skirbekk. Han la fram tankar som var i tråd med tidas grasrotkrav om demokratisering og spreiling av makt i samfunnet. Kampen for distrikthøgskule i bygdemiljø hang også nøyse saman med den veksande motstanden mot EU som førte til nei-fleirtalet i folkerøystinga i 1972.

Fogderistrid

Det skulle gå litt tid før dei nye tankane om desentralisering slo rot i det etablerte samfun-

net. Fylkesmann Erling Sandene i Møre og Romsdal hadde eit problem då han skulle foreslå plassering av ein distrikthøgskule i Møre og Romsdal. Han skulle ønske seg at fylket hadde «en annen beskaffenhet» - altså at fylket hadde ein sentral by som peika seg ut. Sandene, som ifølgje den ordramme ordføraren i Ålesund, Gustav Flisnes, skreiv nynorsk med passar og linjal, la ikkje særleg vekt på at han leia eit nynorskfylke. Han konkluderte med at distrikthøgskulen måtte kome i ein av dei største byane, Ålesund eller Molde.

Dette vart naturleg nok ei sak som skapte bitter fogderistrid i fylkestinget. Dei 23 representantane fra Sunnmøre samla seg først om eit permanent desentralisert opplegg med økonomisk-administrative fag i Ålesund. Men dei kom med eit viktig tillegg: Dersom departementet ville ha prøvedrift i bygdemiljø, burde det gjerast i Volda/Ørsta. Då det kom til røysting, vart kalisjonen Nordmøre og Romsdal sterkest. Med 28 røyster vedtok fylkestinget at tilbodet om økonomisk-administrative fag burde leggjast til Molde. Vedtaket var eit stort nederlag for Ålesund. Men for Volda og bygdemiljøet skulle det bli ein fordel.

Like før den avgjerande røystinga i Stortinget, leia Rolf Sagen ein fagleg sterkt deputasjon i møte med kyrkje- og undervisningsminister Kjell Bondevik. Han tok med historieprofessor Magne Skodvin og filosof Gunnar Skirbekk, begge med nynorsk kulturbakgrunn. Skirbekk hadde teke initiativet til ein underskriftskampanje med krav om at minst tre av dei nye høgskulane skulle ligge i bygdemiljø.

Besøket viste att i stortingsproposisjonen. Departementet brukte Gunnar Skirbekks terminologi om motekspertise. Statsråd Kjell Bondevik, som var folkeminnegranskar og bygdemenneske frå Sogn, let seg påverke. Då Stortinget fekk saka, var stemninga snudd. Det vart DH-skule til Stavanger og Kristiansand. I Møre og Romsdal vart det ei delt løysing: Eit økonomistudium i Molde, men med høgskuledirektør og administrasjon pluss eit breitt studietilbod i Volda.

Lobbyinnsatsen til Rolf Sagen gjekk stort sett under radaren i media, men vart sett pris på av voldingane. Fire månader før det avgjerande stortingsvedtaket, gjorde Volda formannskap vedtak om å løyve 3000 kroner til Rolf Sagen for utgiftene og alle timane han hadde brukt for å få lagt distrikthøgskulen til bygdemiljø og til Volda.

Famlande start

Høgskulen i Volda kom ikkje i gang i 1970 som først var tenkt. Tida var knapp og mykje måtte på plass. Ein av grunnane til forseinkinga var at det vart strid om høgskulen skulle verte ein del av lærarskulen eller omvendt. Då dei første studentane kom til Volda i august 1971, var bygninga langt frå klar, og dei fleste lærarane var enno ikkje komne. Men om starten var famlande, gjekk det seg raskt til. Når ein ser kva det har blitt i løpet av desse femti åra, må ein bli imponert. Det er den største høgare utdanningsinstitusjonen mellom Bergen og Trondheim med 4750 registrerte studentar og 360 årsverk. Lærarutdanninga er ein naturleg del av høgskulen. Og vyane er framleis store: Høgskulen i Volda har så langt avvist alle forslag om samanslåing med andre høgskular eller universitet og har også lufta ambisjonar om å bli universitet på eigen kjøl.

Kjelde:

Oddbjørn Magne Melle: Volda – Vestlandets Oxford. Årbok for Sunnmøre 2021.

Oddbjørn Magne Melle: Ein høgskule finn sitt distrikt. Om bakgrunnen for høgskuletablering i Møre og Romsdal: Volda og Molde. Doktorgradsavhandling, Høgskulen i Volda 1999.

Grete Bugge Østvik: Rolf Sagen - aktive ungdomsår i Sykkylven. Årbok for Sykkylven 2001.

Fem haikudikt

Av Geir Tandstad



Geir Tandstad
fødd 1955, har vore lærar
ved Sykkylven ungdomsskule,
Velledalen skule og Tandstad
skule og gardbrukar på
heimegarden på Tandstad.



Lydlaus blåklokke

brått ein dur og klokkenikk

Humla lagar liv

Strå og blad ligg tett

skåren våt av morgondogg

Ljåen kviler litt

Kvitkragen står klar

to fingrar plukkar han gul

Mumling om kjærleik

Regnvaska ripsbær

raudblanke med sursøt smak

Lyden av trastar

Hastverk i råsa

korte stopp før neste start

Her er maurvegen

Den nye jazzdronninga Hilde Louise Asbjørnsen: Det er sunnmøringen i meg...

Av Eldar Høidal



Eldar Høidal
fødd 1956, er møbelhistorikar
og ivrig syklist. Han har skrive ei
rekke lokal- og møbelhistoriske
bøker. Dei siste bøkene hans er
historia til Ålesund-Sunnmøre
Turistforening, bygdebok for
Skodje og i år er han ein av
forfattarane av Bygdebok for
Haram.

Hilde Louise Asbjørnsen tilhører i dag tetskiktet av norske underhaldningsartistar. Ho har vunne nasjonale prisar og har markert seg både som jazzsongar, låtskrivar, kabaret- og musicalartist, komikar og forfattar.

I tillegg har ho starta plateselskap, vore sine eigen manager og PR-sjef. Då ho mottok Sunnmørsposten sin kulturpris for 2019 for det allsidige virket sitt, uttala ho at det var sunnmøringen og gründeren i henne som var årsaka til at ho hadde nådd så langt. - Ein må våge å sikte høgt og sjå opp og fram, sa ho den gongen.

Hilde Louise er jamnt på farten og turnerer over heile landet. Det laga seg ikkje med eit fysisk møte då Årboka ville ha eit intervju med henne til årets utgåve. Men Hilde Louise er fortruleg med digitale og sosiale mediekanalar, og det var ikkje vanskeleg for henne å kople opp til samtal på Zoom, direkte frå heimen sin i Oslo. Før vi starta måtte ho berre fikse noko som aller snarast. Det var webmasteren som var på "tråden". Hilde Louise bruker internettet mykje for å kommunisere med publikummet sitt. Linene må vere opne. Nokre tastetrykk seinare, og ho var klar. Og kvifor ikkje ta til med starten.

September Song

For det var i Sykkylven det heile byrja. Hilde Louise (f. 1976) er dotter til sosialøkonom og journalist Ingjerd Asbjørnsen og møbeldesignar Svein Asbjørnsen. Ho vaks opp i ein skapande og musikalsk heim, på Knutgarden på Aure. Farfar Asbjørn, som budde i nabohuset, spelte på harpeleik og var ofte på sjukeheimen og underheldt dei som budde der. Både han og farmora var glade i å synge, slik også onklane og tantene var det.

Hilde Louise seier at det var mor Ingjerd som introduserte henne til jazzen. Mora fortalte om jazzkonsertar ho hadde vore på, med mellom andre Duke Ellington og Mahalia Jackson, og radioen vart stilt på NRK P2 når Knut Borge inviterte til programmet Swing&Sweet. Mora høyrdé på jazz på kjøkkenet der vesle Hilde Louise sat under kjøkkenbenken og pusla med Lego. Det gjekk ei tid før ho fekk eit medvite forhold til jazzen. Ho knyter gjennombrotet til ei bestemt hending: Då ho vart 14 år, fekk ho ein berbar CD-spelar i presang. Med denne høyrdé ho Sarah Vaughan synge September Song av Kurt Weill og Maxwell Anderson. Då var det gjort.

Hilde Louise vaks opp i ein musikalsk heim, og fann tidleg glede i å leike seg med pianotangentane. Foto: Privat.



Modellkurs

Hilde Louise er ei av mange suksessrike musikarar frå Sykkylven som fekk si første formelle musikkoplæring på den kommunale musikk- og kulturskulen. Hennar første instrument var piano, og læraren var Jenny Tynes. Hilde Louise hugsar godt øvingane i den gamle Strømmefabrikken, der fru Tynes på sin milde og tolmodige måte opna dørene til eit nytt musikkunivers. Den neste læraren var Åge Lade som ho omtalar som litt meir krevjande. Han ville ha Hilde Louise til å spele Bach. Det var sikkert lurt på mange vis, men ikkje noko ho var mogen for nett då. Ho ville lære besifring slik at ho kunne spele friare på instrumentet. Då passa det godt at ho fekk pianisten og komponisten Corrado Genta som lærar. Han lærte henne besifring og let henne få spele romantiske stykke som han sjølv hadde laga. Han inspirerte henne til å byrje å komponere litt sjølv også. Ho heldt seg helst til popballadar.

Ei anna spennande erfaring ho fekk i ungdomsåra var tida med Piaf Modeller og Synnøve Sorthe. Det var mora som meldte henne på eit modellkurs då ho var 16 år. Ho er ikkje sikker på kva for plan mora hadde med det. Kanskje ho meinte at dottera skulle lære å føre seg som ei dame. I alle fall var det stas å få vere med på showa som Piaf Modeller arrangerte for å presentere ulike dameklede. Hilde Louise var sjølv for låg til å kunne vise fram klede på «catwalken», men ho fekk vere med i dansegruppa, og med det fekk ho kjenne på gleda ved å stå på ei scene og å gå inn i ei rolle.

Scenebasillen

Hilde Louise fekk tidleg utferdstrang. Då ho skulle opp i andre klasse på vidaregåande skule, tok ho til på Fagerlia i Ålesund. Dei hadde ikkje eiga drama- og musikkline då, men dei hadde spansk c-språk. Og for ei med utferdstrang var det freistande å få lære spansk. Då ho byrja på det tredje året, flytte ho til Ålesund.



Det låg grundig research bak oppsetninga av showet Stardust, som fekk strålende mottaking av publikum og kritikarar. Ho gav også ut bok med det same namnet som showet. Foto: Tovita Razzi.

det var der ho verkeleg vart biten av scenebasillen. Ho hadde litt scenearfaring med seg frå Sykkylven og Ålesund, men det var noko ganske anna å få stå på ei scene i hovudstaden, framfor mange publikummarar og sakkunnige journalistar frå dei største avisene. Å få lese gode meldingar av oppsetningane i til dømes Aftenposten, var stimulerande. Det var då ho forstod at det var på scena ho skulle vere.

Maestro

I studentteatret møtte ho Lene Kongsvik Johansen. Dei byrja begge på masterutdanning.

Hilde Louise i teatervitskap, Lene i nordisk språk og litteratur, men dei braut begge av studia for å satse på ein kabaretkarriere saman. Dei etablerte Asbjørnsen og Joh og skapte sine eigne forestillingar som dei turnerte med. Debutforestillinga frå 2000, Nöraprisen, vart ein suksess og gjorde duoen kjent for eit nasjonalt publikum. Samarbeidet med Lene Kongsvik Johansen varte fram til 2008.

Det var same året som Hilde Louise gav ut si tredje plate, Sound Your Horn. Midt mellom ei serie plateutgjevingar med eigen musikk og eige band, var ho i 2006 vokalist på albumet "No vil eg vakne med deg". Dette var Monica Zetterlund-repertoar med nynorske tekstar av Edvard Hoem. I samband med dette gav ho konsertar både i Noreg og Sverige med m.a. Georg Wadenius og Jan Lundgren Trio.

Eit gjennombrot som nasjonal kjendis fekk Hilde Louise då ho stilte opp i den store NRK-satsinga Maestro i 2010. Her skulle utøvande musikarar prøve seg som dirigenter for sjølvaste Kringastingsorkesteret. Hilde Louise karakteriserer opplevinga som svært lærerik. Ho var heldig å få Ingvar Bergby som mentor, og fortel at utviklinga hennar gjennom programserien var formidabel. Premissane for konkurransen var at musikarane skulle følgje direksjonen til deltakarane til punkt og prikke. Fall dirigenten ut av rytmå, gjorde orkesteret det same. Det vart ein del smil og latter blant musikarane under dei første programma, også då dei vart leia av Hilde Louise. Men gjennom ei bratt læringskurve fekk ho etter kvart med seg musikarane på ei reise som var i tråd med det som stod i note partituret. Det var stort. Og perfeksjonisten Hilde Louise gjekk like godt av stad og vann heile konkurransen.

Nyfeminist

Ho har opplevd mange høgdepunkt i karrieren. Ho har hatt store roller i musikal, ho har gjeve ut kritikarroste plater og delteke i fleire underhaldningsprogram i ulike fjernsynskanalar. Men dei ho sjølv held som dei største, er dei store soloshowa som ho sjølv har skrive, og utvikla for scena saman med regissør Teodor Janson: The Lulu show – Livet er en dans på renter og Stardust. I The Lulu show spelar Hilde Louise på eit stort register både musikalsk og temamessig. VG gav terningkast fem til forestillinga som dei sumerte opp slik: «Ved å vri på gamle revylåter, musikalmelodier og gjennom egne sanger fletter Asbjørnsen inn den evige dansen rundt Gullkalven; vårt ustoppelige behov for å skaffe oss ting som gjør at vi konstant ligger på minussiden i forhold til egen inntekt.»



Hilde Louise i rolla som Lulu i oppsetninga The Lulu Show – Livet er en dans på renter.

Foto: Anna Julia Grenberg/Blunderbuss.



Hilde Louise Asbjørnsen samarbeidde med Lene Kongsvik Johansen om fleire kabaretoppsetningar i åra 2000-2008.

Foto: Yina Chan.



Hilde Louise, saman med mor Ingjerd og far Svein, etter ein konsert på heimebane, på Sykkylven kulturhus i 2019.
Foto: Eldar Høidal.

Ho fortel at det tok lang tid å få ein produsent til å tru på prosjektet, og at det skulle vere mogleg å lage underhaldning av økonomiske høg- og lågkonjunkturar. Men ho var sterkt i trua og meinte det var eit potensiale i det evige temaet - jaget etter lukke gjennom forbruk. Og den sure svien som kjem både på privat og internasjonalt nivå når forbruk og vekst går over styr. I ei klassisk scene i forestillinga stripper klubbertinna Lulu, i Hilde Louise sin skapnad, den vestlege økonomien ned til skinnet til tonane frå The Big Spender.

Med Lulu-showet, som hadde premiere i november 2015, stod Hilde Louise på trappene til å kunne nå ut til eit internasjonalt publikum. Etter ein engelskspråkleg versjon under Edinburgh Fringe Festival, vart ho kontakta av eit stort globalt selskap som hadde skaffa avtalar med scener både i London, New York og i Asia. Men så kom Metoo. Den seksuelt frigjorde Lulu vart for utfordrande til at arrangørane våga å satse på forestillinga.

Hilde Louise seier at ho sjølv ikkje har opplevd dei sidene av underhaldningsbransjen som Metoo-rørsla rettmessig sette fokuset på. Det har kanskje samanheng med at ho sjølv tidleg tok kontroll over den forretningsmessige sida av karrieren. Ho kallar seg sjølv nyfeminist. – Vi nyfeministar er kanskje litt meir sjølvironiske, seier ho og kan gjerne spørre med kor mange høghælte lakkasko ho har i skapet. – For meg handlar det om å eige sin eigen seksualitet og omfamne alt det vi er som kvinner.

Kjem alltid heim til jul

Hilde Louise bruker medvite mykke humor i forestillingane. Ho kallar humorgrepene eit triks for å «lure» folk til å fatte interesse også for alvorlege tema. Det er mykke å uroe seg over i verda, og det er ikkje alt det er like lett å forstå. Men skal vi bli aktive samfunnsborgarar og bidra til endring, må vi prøve å forstå samanhengane. Då kan ein dose frisk humor vere ein god hjelp på vegen, seier ho som to gonger har vunne den norske Komiprisen.

Vi spør henne kva som er drivkrafta hennar, kva er det som får henne til å vere så verksam, tilsynelatande alle døgnets vakne timer.

– Eg har nok eit sterkt indre driv, ja, og ei stor glede ved å skape og formidle. Kanskje er det sunnmøringen i meg igjen. Eg er dårleg på å gjere ingen ting, og også dårleg på å gjere andre ting. Eg kan godt ligge på ei strand og sole meg, men også då kvernar tankane rundt om det som skal kome, nye prosjekt eg har lyst til å realisere.

Ho fortel at ho kjem med ei ny plate i haust, den tolvte i rekka: «Movies & Stories Like This». Den skal ho turnere med saman med sin faste pianist Anders Aarum. Ho kan også fortelje at ho arbeider med ein idé til eit nytt soloshow, men det er altfor tidleg å avsløre kva det vil handle om.

Ho ser fram til resten av året og ikkje minst til jula då ho skal heim til slekta i Sykkylven, og spele julekonsert med orkesteret sitt på Sykkylven kulturhus. Det er alltid godt å kome heim, til dit det heile starta!

Facebook-oppdateringar

Av Eli Karin Sjøholt

Facebook-oppdateringar er ein utbreidd litterær sjanger som er munnleg og sjeldan kjem på papir. Eli Karin Sjøholt er ei av dei som gleder sine Facebook-vener med kvikke tankesprang og observasjonar frå nærmiljøet. Her er eit par snakebitar.



Eli Karin Sjøholt fødd 1952, har arbeidd på Ekornes og som pensjonist er ho glad i å gå på tur og filosofere. Ho har alltid likt å lese og å skrive, særleg kortare snuttar og rim. Og så syng ho i Hundeidvik Blandakor og er med i Røde Kors omsorg.

Gløymer adressa (26.11.2021)

Janei, i dag va ej på besøk hos onkelen, som bor på skjerma, å somme tider e han litt i tvil om kor han egentlig bor? Om det e i Hondavikja, i Grautåsen, eller på Buas? Då brukva vi å ta oss en prat, og bli vanlegvis einige om at han bor på hybelen sin på Buas!

Å då tenkje ej, e det slik når ein kjem på Stortinget mæ? Ja, for det ser ut te at då gløyme folket tydelegvis kor dei bor, om det e nær eller långt frå Oslo, ka adresse dei he, å dei gløyme ka dei eig med hus å leilighete, å somme trur visst at dei bor på gute- eller jente-rommet heime hos mor å far osv. osv.

Å då fekk ej no sjølsagt ein god ide som kan løyse alle deira problem! Ikkje so långt frå Stortinget bor eit eldre ektepar som eig eit stoooort hus, der e visstnok over hundre rom! Tenk om dei kunne leige ut hybla te stortingspolitikarane for ein rimeleg penge, so kunne ekteparet spe på alderspensjonen og apanasjen sin! Alle politikarane fekk då bo på same adresse for ein rimeleg penge, fær ein tru...å då skulde vel alle huske kor dei bor (å om nøken gløyme adressa, so e det berre å spørre i Spørretimen før sempel, so fær ein svar.)

Va ikkje ditta ei superbri løysing? Å den e som vanleg heilt gratis...

Ha ei gode helg folkens, å husk fortsatt på småfuglane, dei he ikkje allverda med hus å heim no vinterstida!

Indrefilet i sentrum (27.09.2021)

Janei, altsø i dag gjekk pensjonistturen min te Sunndalen, å so heilt utan restriksjona! (Møtte fresten ikkje eit einaste menneske ej kunne elge mej innpå...) å det va knallver å synnjate vind, so det vart stuttbrok å korterma skjorte åvate i dag. (Sku egentlig være på blå resept sånne fine pensjonisttura!)

Vel, vel, på min veg passerte ej en stor kuflokk, å då kom ej i tanka om indrefilet. Ja den e fole omtala dinna indrefileten her i bygda no før tida, e vel ingen som ikkje veit kor den ligg! Å då måtte ej berre fundere litt på ytrefiletane (ej syns no ytrefilet e like godt som indre!) janei, oss som bor på ytrefiletane he no mykje å glede oss over oss mæ! Vi he idrettsplassa, å fotballbaner, å butikka å naturstia, å gapahuka, å symjebasseng, å utepark å skula å barnehaga.

Teåmed ei ytrefiletkyrke he vi! (her kan nok ramsast opp meir, men det va ditta ej kom på i farta) So det må no vere eit kvart ein kan få te på indrefileten mæ då? I fyrste omgang bli det visst butikka på indrefileten, jaja, so långt kom ej i funderingane, å ej va djupt nede i fyrstekaka å kaffien då det kom hoppende ein pitteliten gjerdesmetten heil innåt mej, medan han kvitra so vakker, at ej vart so rørt at ej måtte felle ei litatåre, (må ver alderen...) ej prøvde å lokke med litt fyrstekakesmula, men det va ingen suksess.

Jaja, ej kursa mej ettekvarthaimover, å då møtte ej en hyggjeleg bonde som va å henta nøkre høgst motvillige saude (dei ha vel kanskje haurt rykte om fårikål å lamme-frikassé....) so ej fekk gå bakerst å hanke inn dei saudene som prøvde å stikke av, å det va fole kjekt å kunne føle sei litt te nytte!

Vel nede i bilen spelte dei «hør på regnets rytme» i bilradioen, å den e sopass trist at ej måtte felle ei litatåre igjen! (Det må ver alderen!) Ha elles ei fine veke folkens, og husk for all del på småfuglane, det e haust!





Tor P. Mørkeseth
fødd 1941, er oppvaksen på Aure og reiste til sjøs i 1957. Han tok utdanning og siglde i utanriksfart som sjøkaptein i 30 år før han vart maritim manager og VP i Schlumberger. Bur no i barndomsheimen Kirkebraut i Sykkylven.

«Og så må vi ha prolog!»

Prologen er eit festinnslag med lange tradisjonar på våre kantar. Den vanlege meiningsa av ordet er prolog, som er gresk og tyder fortale og som gjerne var ei innleiing til eit skodespel eller eit anna kulturprogram.

Den lokale varianten er ei ledig og gjerne humoristisk innleiing til ein fest eller eit jubileum. «Prologen skal etter lokal tradisjon helst rime, men her gjeld ikkje dei strenge krava til rytmefasthet og stil som i eit dikt. Av og til kan også naudrim og haltande rytmikk vere ein del av den komiske effekten.

Prologen har hatt ei sterk stilling i kulturlivet i Sykkylven og vore mykje brukt på festar, til opning av store bygningar og vegar og ved alle slags jubileum. No er denne sjangeren i ferd med å gå av moten og er lite brukt. Man kanskje kan ei håpe på ein renessanse? Tor P. Mørkeseth framførte denne prologen for femtiårskonfirmantane i 2005 og friska opp mange gode minne for dei som gjekk for presten i lag med han i 1955.

50 år etter den store dagen

Av Tor P. Mørkeseth

Mine minne frå dagen er nokså knappe,
men eg hugsar i alle fall ei vid, kvit kappe,
var vi dei fyrtse?
nypussa sko, og mor pressa buksa,
kvitskjorte og far knytte slips, er blant det eg kan hugsa.
Gåver var sokkar og alt slikt ein treng,
ikkje som no, store summar av peng,
visst var vi fine, og visst var vi flotte,
og alle konfirmerte seg, for sjølsagt; vi måtte.
No tenker ungdomen eigne tankar,
nye idear på Noregs dør bankar,
humanetikk, alternative idear i fleng,
men alle ser ein sjanse til fest og til peng,
for oss var valet lett, for vi hadde berre eitt,
og faktisk så trur eg vi syntest det var greitt.
Men eg spør meg sjøl, har dei betre to?
Er dei unge meir bevisste no?

Vi marsjerte inn på rekke og rad,
så kom klokkar Midtbust og inngangsbøna bad,
over den gamle bøna var det historisk sus:
"Herre, eg er komen inn i ditt heilage hus."

Så stilte vi opp i midtgangen alle,
nervøse, vi skalv, trudde reint vi skulle falle.
Jenter og gutter på kvar si side,
vi såg på kvarandre, prøvde vere blide,
men bleike om nebbet var alle 49,
"hugsar eg versa frå Bibelen og salmeboka mi?"
Presten kom ned og spurte oss så,
og tenk! Heile bygda, dei høyrd på!
Andreas J. Kristoffersen var soknepresten vår,
budde på Sjøholt i mange år,
og derifrå med båt blei skyssa
over fjorden når han til teneste blei kalla
men under krigen arbeidde han ei lengre stund,
heilt utan løn, i Ålesund,
ville ikkje lønast når nazi-folk sat ved roret,
men mange er takksame for alt det han gjorde.

Streng var han presten, når vi skulle til pers
og lire av oss utanboks salmevers,
men alle vi kjente ein tanke seg feste,
at presten oss ønskte berre det beste:
Å hjelpe oss unge å byggje og lage
solid fundament for komande dage.

Førebuinga var på gamle bedehuset,
der kom jentene i skjørt og bluse,
gutane var også litt finare i tonen,
for det var alvor med konfirmasjonen.
Minna er nok sløra til etter kvart,
men salmevers og bibelord pugga vi hardt,
det var vel knappast noko moro og gaman,
men folk er det blitt av oss, alle saman!

Skuletida var også ei artig tid,
som etter kvart som åra går stadig blir meire blid.
Eg budde nærmast skulen, som de alle visste,
men på skulen var eg likevel støtt den aller siste.
Doble pultar, lærar Midtbust var mild og snill,
men ei av klassene var ustyrleg, ulydig, nesten vill.
Vart det for gale, og det skjedde ofte,
henta han kona Rakel, dei budde på loftet,
så blei det stille og roleg om litt
straks Rakel kom ned med spøtet sitt.
Der sat ho i klassen ved omnen og strikka,
ein innebygd autoritet berre ved blikka,
ho trengte ikkje seie eit ord,
alle forstod, respekten var stor.
Ordensmannen sytte for å bere inn ved,
kava og bles, og fyrté opp med,
Barnearbeid ville avisene skrive,
og sosionomar seg i håret rive
dersom dette hendte i dag, fy og fy!
Men vi løyste oppgåvene og var etterpå kry,
Ein veks på ansvar, ikkje sant,
sjøl om røyken sveid i auga i blant.



Tollen - Torleif Blomberg - var overalt i sentrum og var ein kjær gjest der det skjedde noko. Foto utlånt av Ragnhild Hovet.



Drosjesjåfør Petter Blindheim (Løvold-Petter) frå Søvikdal og Bjørg Vinje. Bilde utlånt av Svein Aure.

Min barndomsheim eg stadig pussa opp,
i kvardagen gjer eg der ofte eit stopp,
drikk litt kaffi, tek ein lur
og let tankane vandre ein mimretur.
Stansar ved Aure skule, og legg merke til det,
der manglar no mangfaldet av plantar, buskar og tre.
Framande folk og lærarar går ut og inn,
mine lærarar kjem fram i tanken min,
den milde Midtbust, bras-einå Garshol og den rettvise Weiberg-Aurdal, alle tre
som utan kunnskapsluftige departementale planar klarte det
å spre ånd og lerdom blant den oppveksande slekt,
sjøl på harde dobbeltpultar hadde vi det kjekt.

På min mimretur går eg så til Aure gamle vakre steinkvelvbru,
eit kunstverk, kvild for augo, ro for sinnet, kanskje hugsar du?
No eit estetisk betongvrakgods, eg kjenner meg litt trist,
Brua som var vakker før, har mist sin venleik, sant og visst.

Tenk om veggane i Jørn-verkstaden hadde øyre!
Ja, då kunne vi no hyggje oss og mykje visdom høyre
all den praten som gjekk føre seg, sjå alvoret og smila,
når Aurekarane og dei fra grannelaga møttest etter middagskvila.
Jan-Karl, garden og fiske, gav han mette,
Bakke-Sigurd kunne om Amerika, gullgraving og skogshogst berette,
første rundsilo på Sunnmøre han laga,
og betalte frå mange, lange arbeidsdaga
i Junaiten, der var dollar, kan du vite,
men han måtte nok for pengane der slite.
Bø-Jens, var også politikar, kunne det meste,
Eljas-Lars filosoferte meir enn dei fleste,
Knut-Erling, fjordfiske og garden dreiv, forresten,
Og felles var som no, nok prat om bygda, politikk, jordbruk, fiske, hesten.

Eliasløa har dei rive ned og lønna,
der det ofte i svære hingstehover drønna
når dei kåte hestane sprang rundt og jaga
til dei fann ei merr og alt til slutt seg laga.
Jo-Peder han eigde premieavlshestane og anna,
"Hon rugge", med endå heitare glosar attåt, sa han når han ofte banna.

Elias-Lars, hugsar du slikt,
kor han deklamerte lange dikt,
Terje Vigen, var visst favoritt,
"den underlige gråsprenge" var idealet blitt.
Kona Elias-Guri eit oppdrag fekk,
Å varme opp hua hans i komfyren før ut han gjekk.

Folk måtte vel vere friskare då, det er ikkje til å tru,
Då hadde vi ein doktor, Bendixen, no er her sju!
Eg må berre nemne ei strofe
Bendixen's yndlingshistorie
om Kolla det handla
Bygdas einaste samaritan
ho oppsøkte Bendiksen ein dag
følte seg sjuke

Distriktslege Morris Bendixen var tilsynslege for aldersheimen og fastlege for heile bygda frå 1946 til 70-årsdagen som han feirar her i 1984. (Foto: Sykkylvsbladet)

Bendiksen lytta og undersøkte tok temperaturen: «Han e sjuogtredve»
Kolla repliserte:
«vakje det ej visste
han e lavere atte enn framme!»
kva tid det var?
«jau, det var då ei ta hønå hinnja Lyshol-Marie
sprang over veien og blei overkjaurt av Phil-Andreas med lastebilen sin
og sin triste endelikt møtte»

Mangt har seg endra, gamlekyrkja er borte,
Der vi prestehanda fekk, stod dressa og i kvit skjorte,
Den fine kyrkjegardssteinmuren og lønntrea er også borte,
Der han Soplum-Hans, fortalte gåter og regler,
og med soplimbøra kvilte
og Pil-Johanne til krøtera lauget raka
om ho levde i dag, trur du ho løvkanon kunne bruka?
Aurefjøra, veik plass for veg og Aure Brygge, var ein leikeplass då,
Og Lyshol-Martin han passa på.

Hotellel og Pil-Emma, den vennlege kroppen,
Som serverte kaffe for 25 øre koppen,
ei snill og dyktig kone,
for karbonade og speilegg, ein «speilpatent», kosta det el krone,
no er ho vekke, men lever, her inne
som endå eit trygt og godt barneminne.
Handelslagshjørnet er heller ikkje meir
Aure sitt «Speaker's corner»
flittigt brukta av mange, også Klokkar-Petter
minnast du då han bada
og dreiv av, nesten ut på Jarnesfluda?

Tollen han vandra på Aure om kring, smilande og blid,
respektert, eit hyggelig innslag, ein mann for si tid,
bygde mellom oss ei vennskaps bru,
eg hugsar han godt, det gjer vel også du.

Hugsa du «götteriglassdisken» hans Jørn-Severin
og laurdagskunden, Brudevoll-John, med «6 øskje Teddy og ei
Freia kokesjokoladeplate, dronning»
Skomaker Dale med skolesten
Vinjebutikken og Drogeriet
Bodil med et utvalg assortert
innvortes og utvortes brukte vi det,
og Sykkylbsbladet, og brylkrem til håret?
Og rett over gatå, Pil-Andreas-«kontoret»
og då han i ei oppstemt og visjonær høgtidstund proklamerte
med handa på svartetelefonen:
«Vi legg inn anbud på Suez-kanalen!»
Hjå Pil-Oddlaug henta vi mjølk i medbragt spann.
Bakom lydde både okse og grisehyl, men slakter Ingebrigtsen vann.

Ungdomshuset er også vekk,
men eit samfunnshus i staden vi fekk
for å gjere plass til høgtalarar, digre som fjell,



Handelslagshjørnet ein 17. mai på femtitat. Foto utlånt av Svein Aure.

kanskje var leikarringen og feleslått betre lell?
 No likar stand-up-komikarar å vise både rompe og mage,
 eg likte nok betre ungdomslaget!
 Feleslåtten har tagna, for somme
 dundrar heller på slagverk og tromme.

No er vi samla til moro og 50-årsfest,
 takk frå meg som her er gjest
 til dykk som tok initiativet, det var bra,
 samvær med venner gjer menneska glad.
 No får vi mimre om tider som var,
 "Hugsar du mor? Koss er det med far?
 Minnest du han, og veit du om ho?
 Ein har visst flytta, kvar er han no?
 Litt etter litt det kjem fram klårt,
 ved felles minne, puslespelet vårt,
 og så til slutt det er mi von;
 Lagar vi bilet av vår eigen konfirmasjon
 og minnast dei av oss, som undervegs har gått bort;
 Leonhard, Inge og Arnljot
 med eitt minutt stillheit!



Aure sentrum,
 tidleg i 1950-åra.
 Foto utlånt av
 Svein Aure.

Barselvenner for livet

Av Eldar Høidal

Kor lenge kan ein barselperiode vare? 37 år, minst! Meiner dei sju kvinnene vi møter i heimen til Kari-Lise Klokk Wiik i Vikedalen. Det var i 1985 dei kom med i ei barselgruppe som helsestasjonen i Sykkylven tok initiativet til. Sidan har dei regelmessig kome saman til sosiale treff i heimane til kvarandre. Og framleis seier dei at dei skal i barselgruppe!

Berit Bjørlo er den eldste i barselgruppa med sine 70 år. Ho fekk dottera Idunn våren 1985, og flytta til kommunen same sommaren. Ho kjende nesten ingen andre i Sykkylven enn familien til mannen, og for henne vart barselgruppa ein kjærkomen veg inn i eit utvida sosialt fellesskap.

Sykkylven tidleg ute

Det vart sett i gang fleire barselgrupper i Sykkylven i 1980-åra, fortel Kjellaug Kvammen, som var helsesøster i Sykkylven tidleg i 1980-åra. Ho hugsar at jordmor Bjørg Sjøn kom til henne og sa at dei burde få til ei oppfølging av svangerskapskursa som dei hadde hatt i fleire år. – Vi tok kontakt med alle dei som nettopp hadde fødd og inviterte dei til helsestasjonen i grupper på seks. Der snakka vi om slikt som var av interesse for kvinnene. Vi fekk til eit samarbeid med Friundervisninga, som skaffa litteratur som var aktuell i barselperioden. Eg hugsar at det var ein del skepsis som vi måtte overvinne. Mange var usikre på kva dette var, og meinte vel at dei skulle greie å finne ut av utfordingane på eiga hand.

Initiativet vart teke i 1982/83, og Kjellaug Kvammen trur at Sykkylven var første kommunen i fylket som kom i gang med barselgrupper. I alle fall var det stor interesse for kva dei hadde fått til her i kommunen då ho møtte andre helsesøstre i fylket på dei årlege treffene dei hadde.



Eldar Høidal
 fødd 1956, er møbelhistorikar
 og ivrig syklist. Han har skrive ei
 rekje lokal- og møbelhistoriske
 bøker. Dei siste bøkene hans er
 historia til Ålesund-Sunnmøre
 Turistforening, bygdebok for
 Skodje og i år er han ein av
 forfattarane av Bygdebok for
 Haram.

Desse kvinnene har møttest
 regelmessig sidan dei fekk
 born i 1985. Dei var ukjende
 for kvarandre då dei første
 gong kom saman for 37 år
 sidan. No er dei bestevenner.
 Frå venstre Kari-Lise Wiik, In-
 gunn Vårdal, Anne Lise Løndal
 Vik, Linda S. Hånde, Lisbeth
 Bråstad, Marit O. Hovland og
 Berit Bjørlo.

Også borna fekk vere med på barseltreff av og til. Her frå Jakobgarden på Tandstad.
På biletet ser vi frå venstre: Ingunn Vårdal med Ole Henning, Berit Bjørlo med Idunn og storebror Jens (kan skimtast), Anne Lise Løndal Vik med Asbjørn, Linda Hånde med Nadja og Kari Lise Wiik med Jeanette.



Vidare på eiga hand

Det var Bjørg Sjøn som sende ut invitasjon til dei som nettopp hadde fødd og inviterte dei inn til dei første barselgruppene. Vi tek ein telefon til Hamar, der Bjørg Sjøn har budd sidan 1988. Og sjølv om dette ligg mange år tilbake og ho no har blitt 88 år, hugsar ho godt dette initiativet. – Eg var ein ivrig ammeentusiast, og sjølv om dei fleste gjerne ville amme, så var det mange som fekk problem med såre brystvorter og slikt. Tanken var at vi skulle gje råd og rettleiing og hjelpe mødrene med dei utfordingane dei møtte den første tida etter fødselen. Vi ordna det slik at barselgruppene møttest ein gong for veka, og eg meiner vi la opp til seks samlingar til saman. Etter det var det mange av gruppene som heldt fram på eiga hand, og det syntest vi var flott.

Kjellaug Kvammen gjekk ut i permisjon frå 1984, og det var vikarierande helsesøster Elin Støylen og Bjørg Sjøn som hadde regien då barselgruppa til Kari-Lise Wiik og dei andre kvinnene kom i gang. Dei hugsar at Bjørg Sjøn var med på det første treffet dei hadde privat, heime hos Kari-Lise. På desse treffa var det naturleg å ta opp også andre tema som dei ferske mødrene var opptekne av. Kanskje er det dette som har ført til at mange av gruppene har halde saman i fleire tiår? Dei har tilpassa seg etter deltakarane sine endra livssituasjonar, og har knyttt kvinnene saman gjennom deling av livsrøynsler.

Aldersforskjell

Det kan gruppa som er plassert i sofakroken i Vikedalen ein mild septemberkveld stadfest. – Vi har heile tida samtala om mange forskjellige tema. Slik vil det naturleg bli når utgangspunktet er så forskjellig. Fire av oss, meg inkludert, var førstegangsfødande i 1985, fortel Kari-Lise. – Dei tre andre hadde born frå før. Men nettopp den ulike bakgrunnen var stimulerande. Då kunne vi lære av kvarandre. Vi var også forskjellige på andre måtar. I barselgruppa er det fabrikkarbeidarar, ein heimesjukepleiar, ein førskulelærar og ein sosionom. Vi har kunna snakke om alt, og visst at det som vert diskutert i gruppa aldri kjem vidare.

Lisbeth Bråstad er mellom dei som har arbeidd på fabrikk. Ho er den yngste i gruppa med sine 59 år. Ho vart mor til Kenneth då ho var 22 år. Då var ho allereie etablert med hus og mann. Berit som var eldst i 1985 med sine 34 år, hugsar ho var imponert over Lisbeth som hadde så god kontroll på husøkonomien. Alle rekningar vart sirleg plasserte i ein perm, og inntekter og utgifter samstemte. –Sjølv om det var aldersforskjell mellom oss, opplevde vi aldri det som noka utfordring. Det var meir som samla enn som skilde oss, seier Berit.

Utanlandsreiser

Mange minne dukkar opp når vi spør kva det er som gjer at dei har halde saman så lenge. Ingunn fortel om då gruppa kom heim til henne med julebakst ein gong ho var sjuk i julestria. Andre fortel om då førskulelærar Ingunn inviterte alle mødrane med born heim til aktivisering i hagen. Det trygge rommet gruppa gjev for fortrulege samtalar, fører også til at ho gjev ei verdfull støtte når livet byr på motgang, gjennom sjukdom og andre vanskar. Her er rom for både latter og tårer, heldigvis er det mest av det første, seier dei.

Noko av dei mest trivelege med samværet, er alle turane dei har lagt ut på. Dei har reist utanlands, til London, Wien, Barcelona og Paris, men også hatt opplevingsrike turar i heimlandet. For å få midlar til reisene, samla dei inn pengar i ei felles turkasse. Reiselysta var størst i dei første åra dei var saman, og siste langturen gjekk til Wien i 2010.

God kjemi

Tidleg i gruppa si historie fjernadopterte dei også eit barn. No har dei sluttat med det, men nokre av dei har halde fram med fadderskap på eiga hand, mellom dei er Linda Strømmen Hånde, som er busett i Skodje. Ho budde i Sykkylven, saman med mannen Tor, i 1985. Nokre år seinare flytte dei tilbake til heimbygda, Skodje. Men det var ikkje snakk om å slutte i barselgruppa av den grunn. Vennskapen dei har utvikla, går over kommunegrensene. For henne betyr det to turar til Sykkylven dei dagane det er barselgruppe, for ho arbeider ved Ekornes sin fabrikk på Ikornnes.

Kvinnene er samstemte om at det aldri har vore tema å leggje ned gruppa. Marit Overå Hovland var ei tid med i to grupper, men det varte berre ei kort tid. Ho hadde funne si barselgruppe, og har halde seg trufast til den sidan ho vart mor for første gong i 1985. Nøkkelen til at ho og dei andre trivst så godt i denne fellesskapen, er den gode tonen dei har funne. Dei har ulike meininger, og dei kan kome fram. Men dei unngår tunge politiske diskusjonar og slikt som kan føre til krangling. Etter mange år i kvarandre sitt selskap veit dei kvar grensene går.



På tur til Paris. Utsikt frå Eiffeltårnet. Frå venstre Linda Hånde, Berit Bjørlo, Lisbeth Bråstad, Marit Hovland og Ingunn Vårdal.

Fast ramme

Sjølv om samtaletema er varierte og diskusjonane svingar i takt med familiehendingar og samfunnsendringar, har dei ein viss struktur i barselgruppa. Dei møttest ein gong i månaden, og er verkskap kvar sin gong. Dei har bestemt seg for at matstellet skal vere på eit nøkternt nivå, dei skal ikkje konkurrere om å by på dei kostelegaste rettene. Det påstår dei at dei har lukkast med, sjølv om den manlege skribenten synest retten Kari-Lise baud på, ein italiensk brødrett, Boboli, med velsmakande og saftig fyll, var kosteleg nok. Dei startar alltid med ein varmrett, og kuttar middagen heime på barselgruppedagen. Så vert kveldsøkta avslutta med kaker.

Dei første åra kom dei saman klokka åtte. Dei fann ut at det var litt seint, for mange av gruppemedlemene må tidleg opp. Dei flytte starttida fram til sju og synest det fungerer betre når dei kan avslutte om lag klokka ti om kvelden.

Frå mødre til bestemødre

Barselgrupper har vore ei kvinneverd. Sjølv i desse tider der kjønnsidentitetar vert opplevde som flytande av somme, og likestilling skal gjerast gjeldande på dei fleste samfunnsområde, vil dei fleste unne kvinner som har fødd ein «fristad» der dei kan få dele kvinnerøynsler med medsystrer. Likevel, desse damene er opne for mykje, og har også diskutert om dei skal invitere mennene inn i krinsen i ulike samanhengar, til dømes på



Barselgrupa på tur til Langeneset. Frå venstre Anne Lise Løndal Vik, Ingunn Vårdal, Linda S. Hånde, Marit Hovland og Lisbeth Bråstad.

reisene. Forslaga om å opne opp gruppa for menn, har vorte nedstemt. Truleg har ikkje det vekt store protestar hos ektefellane.

37 år er mange år. Alle kvinnene har vore med i barselgruppa i over halve livet sitt. No har alle i gruppa, minus Marit, blitt bestemødrer. Dette har naturleg nok påverka samtalen. Dei snakkar gjerne om barnebarna, og tek del i utfordingane som deira eigne born har, utfordingar som liknar på dei som dei sjølv hadde for ein generasjon sidan. Og er det noko ekstra som står på, er det godt å ha nokon å ringe til og sökje støtte hos, seier Anne Lise Løndal Vik, som sjølv har tre born og er bestemor til fire.

Mange slags turar

Etter ei uhøgtideleg undersøking i sosiale media, finn vi fort ut at det er mange kvinner i Sykkylven som kjem saman i heimane til kvarandre for å ha det kjekt i lag. Det er ikkje så mange att av kvinneforeiningane som har forankring i misjonsrårsela og sanitetsforeiningane. No vert dei heller kalla «klubbar», og samværet har sin eigen verdi. Vi hører om kvinnekubbar i kommunen som har kome saman i over femti år.

Historia om barselgruppene i Sykkylven starta altså i 1982/83, og ei av dei som var med å skrive første kapittelet i den historia var Elin Vikingsen Fauske. Ho fekk barn i september 1982 og vart med på ei av dei aller første barselgruppene i regi av helsestasjonen. Ho hugsar ikkje om det var på hausten 1982 eller vårparten 1983, men ho minnest at både Elin Støylen og Bjørg Sjønig var med og informerte. Gruppa hennar heldt ikkje fram etter samlingane på helsestasjonen.

Eva Hjelle Sandvik er ei anna av barselgruppepionerane. Ho vart mor i 1983 og same året kom ho med i ei barselgruppe. Hennar gruppe var kan hende den første som heldt fram i mange år. – Ja, vi var saman heilt fram til borna kom i konfirmasjonsalderen, og vi hadde mange kjekke reiser i lag. At det løyste seg opp, var ikkje planlagt, men det var ei følgje av sjukdom og at eit medlem i gruppa flytta frå kommunen.

Barselgruppa vi har møtt er kanskje den eldste som framleis er i gang i kommunen, men andre følgjer hakk i hel. I 1986 vart ei anna langliva barselgruppe etablert. Greta Remø Klokk er med i gruppa som består av seks kvinner som fødde kvar sin gut i august 1986! Dei kallar seg B86 og har møtttest ein gong i månaden i over 36 år. Samværet har mellom anna resultert i ei rekje «barselturar», til Krakow, Tallinn, Budapest, York, Aix-en-Provence, Nice, Paris og Genova. Og dei har planar om fleire langturar.

Nye barselgrupper

Framleis kjem det i gang barselgrupper i Sykkylven, og framleis har dei fleste sitt startpunkt i helsestasjonen. Helsesjukepleiar Anne-Grethe Sløning ved Sykkylven helsestasjon fortel at dei kallar inn alle som har fødd, og det skjer om lag to månader etter fødselen. Så er det opp til mødrene sjølv om dei vil samlast i grupper for vidare samvær. Nokre samlast til Barnesong i kyrkjekjellaren, andre organiserer felles trilleturar, og etter andre får ei fastare form på samværet. Sløning trur det er viktig for dei ferske mødrene å treffen folk som er i same situasjon. For mange kjennest det trygt å ha nokre å snakke om opplevelingar og utfordingar med. Då er det viktig at det som blir sagt i gruppa blir halde i gruppa.

Dei siste åra har lokalsamfunnet blitt meir fleirkulturelt og menneske med ulike bakgrunnar har ulike behov og ønske når det gjeld sosiale nettverk. Det er også meir mobilitet i



Barselgruppa B86 på 30-årstur til Aix-en-Provence i 2016. Her er dei i Antibes på den franske rivieraen. Frå venstre Marita Eidem, Hilde Sandal, Wenche Sørensen, Anita Søvik, Norlaug Ullavik og Greta Remø Klokk.

samfunnet og folk med born i ulike aldrar kjem flyttande til Sykkylven. For dei som kjem utanfrå, utan å kjenne nokon i kommunen, kan det nok vere vanskeleg å kome inn i miljø som allereie er etablerte. Sløning har hørt om at det har blitt opprettet Facebook-grupper der folk som har kome flyttande, og som har fødd til ulike tider, finn saman.

Sjølv om ikkje alle barselgrupper varer i fleire tiår, spelar dei ei viktig rolle for mange kvinner. Og barselgrupper kan gje venner for livet, venner som støtter kvarandre både i ned- og oppturar – og på langturar.



Dette er truleg den første barselgruppa i Sykkylven som fekk eit langt liv. Desse kvinnene møtttest regelmessig i om lag 15 år. Frå venstre Elisabeth Hellebostad, Torill Ekernes Brandal, Lindis Lade Rønes, Eva Hjelle Sandvik og Sølvi Grebstad. Foto frå 1983.



Å kjøpe brukt i Sykkylven

Av Kjell Ole Løseth

Kjell Ole Løseth, fødd 1941, er tidligere lærar og skulesjef i Sykkylven. No er han travel pensjonist og aktiv som skribent og med revy og lokalhistorie, blant anna gjennom Storfjordens Venner

Av ein eller anna grunn ligg Sykkylven ganske i landstoppen når det gjeld tilbod om å få kjøpe brukte ting. Ikkje mindre enn tre faste utsalstader ligg i kommunen: Gulla Nytt og Brukt i Straumgjerde, Brunstad Antikk og Brukt i Velledalen og Skattkista brukthandel i bedehuset på Aure. I tillegg finst det andre meir nettbaserte brukttilbod, mellom anna Skrotnissen v/ Arvid Rusten. Årlege loppe-marknader blir haldne i kommunen. Den mest populære i seinare tid er den som Ikornnes IL arrangerer over to dagar. Også såkalla garasjesal dukkar opp av og til. Handel med brukte artiklar er både næringsverksemd for somme og idealistisk, friviljug engasjement for andre.



Store mengder brukte ting får nytt liv etter å ha blitt utstilt i Brunstad Brukt og Antikk. Foto: Kjell Ole Løseth.

Gjenbruk, gjenvinning, antikk, retro, vintage

Omgrepa blir ofte forveksla. Gjenbruk handlar om ting som blir overflodige, umoderne eller unaudsynte som kan brukast på nytt – i staden for å bli kasta. Gjenvinning tyder at t.d. ting kan plukkast frå kvarandre og tene som råvarer og t.d. smeltast om til bruk i andre produkt. Det siste er det mottaket på Jarnes som tek seg av. (Forresten er dei flinke til å ta unna brukbare ting som kan gjenbrukast slik dei er.) Antikk – antikvitetar, opphavleg brukt om gjenstandar frå antikken (500 f.K – 500 e.K). Omgrepet er utvida til å gjelde gjenstandar som folk har funne verd å bevare utover naturleg brukstid. Må vere minst 100 år og ha visse kvalitetar. Retro er kopiar av produkt som ein gong blei produserte. Vintage er brukt mest om klede og mote som er ekte og originale frå ein annan tidsperiode. Moteobjekt må vere over 20 år.

Det som slår meg ved besøk er omgrep som blir nytta av innehavarane: Berekraftig, energisparande, mindre forureining, lågare drivhuseffekt og global oppvarming, bremsing av klimaøydelegging (CO₂) og reduksjon i mengda av avfall. I sum grøne tiltak. I følgje statistikk er nordmenn i verdsklassen når det gjeld forbruk, m.a. kastar nordmenn over 130 000 tonn klede årleg. I samtale med brukthandlarane er eg imponert over kor medvitne dei er på akkurat dette med miljøet. Dessutan er det det godt for lommeboka vår!

Gulla Nytt og Brukt

I Sentrum av Straumgjerde – i eige hus – ligg butikken til Vigdis Gulla som driv han saman med Knut Ø. Andreassen. Butikken blei opna i 2020. Vigdis er sjukepleiar ved Ålesund sjukhus og har såleis avgrensa med tid til å vere i butikken. Då må Knut ta eit tak mykje av tida. Vigdis har hatt interesse for antikvitetar og gamle ting heile livet. «Eg må ha eit loppisgen», seier ho. Ho karakteriserer drifta som ein kjær hobby som ho gler seg til å føre vidare når ho etter kvart blir pensjonist.

Folk kjem og spør: Vil du ha dette? Vi har rydda i huset. Ting må vere fine og i god stand. Vigdis brukar mykje tid på å finne verdien til det som er innlevert. Då nyttar ho Google for å sjå kva verdi tinga kan ha. Ho veit sjølv mykje om dette, men blir av og til overraska over kor verdifulle enkelting kan vere. Ho kjøper også varer frå andre brukthandlar. Hyllene er velfylte med «alt ein kan tenkje seg» - pynteting og bruksting. Eit eldorado for samlarar. Vigdis ser etter gamle koppar, kar og dekketøy som har gått ut av produksjon. For mange er dette ein mimrestad. Oj, dette hadde oldemor mi når eg var litra. Denne julepynten hugsar eg bestemor var så redd for» osv.

Vigdis og Knut er idealistisk opptekne av å bremse «kjøp og kast kulturen» i samfunnet, og heldigvis tenkjer ungdomen meir og meir brukt i staden for nytt.

Brunstad Antikk og Brukt

Nær riksveg 60 øvst i Velledalen i den nedlagde møbelfabrikken Brødrene Hole ligg butikken i tre etasjar. Innehavarar er Egil og Evelyn Langlo Brunstad. I år har butikken halde ope laurdagar og søndagar. Det er stor trafikk forbi butikken, m.a. turistar og hyttefolk som svingar innom for å sjå.

Brukte møblar, skåp, teppe og mykje anna fyller opp etasjene. Hyller fulle av bøker, gamle aviser, magasin og postkort. Glasvarer, servise i mengder. Egil humrar og fortel at han har «møblert opp mange hytter på Fjellsætra



Vigdis Gulla, med eitt av funna ein kan gjøre i Gulla Nytt og Brukt. Foto: Kjell Ole Løseth.



Knut Ø. Andreassen og Vigdis Gulla har gjenstandar for ein kvar smak i butikken sin i Straumgjerde. Foto: Kjell Ole Løseth.



og på Strandafjellet – det finst mange designmøblar der oppe på fjellet».

Egil tek seg god tid med kundane og med sin store humoristiske sans får han god kontakt. Han er svært kulturinteressert og har sjølv interesse av å finne ut og fortelje om hendingar som kan dokumenterast gjennom bøker, aviser og bilde. Interessa for dette har ført til ei stor samling av lokalhistorisk stoff som «eg ikkje er ute etter å tene pengar på», som han seier. Når dei skal diskutere pris på varer (evt. prute), sender han dei til kassa og Evelyn. «det må du krangle med Evelyn om». Ho er alltid blid og snakkande til – og kundane går fornøgd ut og synest dei har fått valuta for pengane.

Mykje av varene kjem frå dødsbu som dei kjøper opp – gjerne gjennom skifterett og advokatar. Dei har «tømt» over 200 hus og gardar på Sunnmøre, men også frå andre landsdelar. Det er mykje arbeid, men vi trivst godt med dette og vi blir kjende med mange kjekke folk, seier dei.

Ei imponerande samling av lokal kunst, mest måleri, fleire hundre i talet, kan ein finne her. Ekteparet har arbeidd i bruktnaknaden i minst 30 år. Første 10 åra dreiv dei med auksjonar rundt om i Møre og Romsdal, med Egil som auksjonarius. Dei hadde også ein liten butikk på Stranda og heldt i mange år til i løa på heimegarden på Brunstad i Velledalen. Dei sel også gjenstandar gjennom nettet. Ein av sønene deira har same interessa, så vi ser lyst på framtida, seier ekteparet.

Skattekista Brukthandel

I underetasjen i bedehuset på Aure finn vi Skattekista Brukthandel. Det starta med loppemarknad – ein gong i året. Anne Lise Nordstrand jobba «natt og dag» med dette. Ho var «loppesjefen» med stor L.

Så kom ho på ideen om å starte brukthandel i 2015 - og det har vist seg å vere ei suksessoppskrift. Alt er basert på frivillig, ubetalt dugnad. Formålet er å skaffe inntekter til vedlikehald og driftsutgifter for bedehuset. Dei seks «tilsette», med Gunnhild Sandvik Enstad og Dagny Andersen som daglege leiarar, viste rund i fleire rom fulle av vakre, brukte ting i alle variantar til rimelege prisar. Koppar og kar, kjøkkenutstyr, glastøy, måleri og mange andre flotte ting. Leiarane er takknemlege for det bygdefolket gir. Vi har ikkje kjøpt ein ting, seier dei. Skattekista er veldig populær. Bygdefolket – og utanbygds folk - besøkjer butikken frå «alle religionar». Kvar onsdag er Skattekista open (sjå biletet), og det er onsdagskafé annankvar onsdag.

Styreleiar i bedehuset Johan Aurdal er saers nøgd med alt bruktbukkiken skaper av verdiar til drifta av huset. Han er glad for at det gir høve til å støtte andre enkelprosjekt i bygda



Idealistar driv Skattekista i bedehuskjellaren. Frå venstre Arnhild Almås, Dagny Andersen, Anne Lise Nordstrand og Gunnhild Sandvik Enstad. Foto: Kjell Ole Løseth.

og på Sunnmøre som har prosjekt i andre land. Til dømes Vyborghjelpen. Aurdal peikar på at Skat tekista har sin eigenverdi med sitt gode arbeidsmiljø og er ein sosial møteplass der ein kan handle eller berre slå av ein prat. Brukte ting ein ressurs som kan brukast vidare til nytte for andre – og ikkje minst eit bidrag i den store samanhengen for å ta vare på miljøet.

«Skrotnissen» v/ Arvid Rusten

Ein må bli imponert når Nordens største netthandel innan brukthandel held til i Sykkylven. Rusten og kona Liv har halde på med dette i «minst 25 år». Dei har kundar over heile Europa og i USA. Ja, dei får også bestillingar frå Kina. Nyleg leverte dei eit parti blekkbokser og flasker dit, fortel Arvid Rusten! Og brukartiklar av alt tenkjeleg er det mogleg å få tak i mellom dei 208 000 objekta (!) dei har i porteføljen sin no.

På spørsmålet om dette er god business, vil Rusten ikkje uttale seg om. «Vi lever av det», seier han. I desse dagar er dei i ferd med å utvide aktivitetene sin. Med det første skal dei opne brukthandel i ei fire etasjars bygning (tidlegare Pinsekirka) på Stranda. Som dei andre som driv med brukthandel, har dei eit idealistisk syn på aktivitetene dei driv: «Vi må ta vare på ressursane som finst».





Fjorden var halve føda

Av Jostein Drabløs

Jostein Drabløs (1925 -2015) var frå Barbrogarden i Velledalen. Han var lærar, musikkinstruktør og ein framifrå kulturformidlar. Han gjekk også rundt til eldre folk Sykkylven og samla munnlege minne om folk og hendingar i gamle dagar.

Intervju med Laura (1897 -1981) og Ole Drotninghaug (1895 -1888) Ole Johan Jenssen Drotninghaug verkseigar og gardbrukar på Bendik-plassen i Straumgjerde. Laura og Ole bygde våningshus i 1930 og eit tilbygg i 1970. Intervjuet er gjort i 1978. Jostein Drabløs har skrive det ut på dialekt i moderert form.

Laura: Kastenøter var der i mest kvart tun. To mann pla eige i lag, øftast. Far ha' i lag me' nå Tue-Bern her ei tid, før det ha' han i lag med ein på Straume dei kalla Plasse-Lars.


Det va meir fisk i fjorda enn det e no. Her uppe med huså såg é sildedøttanje so skinbærle der dei sto ti sjønå. Øss såg myrkjinn ta dei. Det va han far og han fastemann (Tue-Bern). Han kalla seg for Fet då han kom hit ned, før han va uppallen på Fet. Dei tok fulle færinga med sild. Karane heldt att te husets bruk. Elles rodde dei utover og selde. Ein palmesyn-dagskveld sette dei nota og tok so mykje sild at dei rodde til byen palmemåndagen med fangsta. Karane selde silda på tørja. Dei tok 10 øre stykkje. Der sto byfruene med pøsa og korgje og kjøpte sild, sa dei.

Slengjenot

Her heime va ei større not som fleire va i lag om. Dinnja nota kallja dei slengjenot. Då brukte dei to båta, ein te å ha nota ti, og so en spelbåt. Dei va i lag då og sette nota i løppa med sild.

Her va ogso mykje sei somme tie, storsei. Mor og far fortalte om ein julaftan det va kome so mykje sild inn i Eiliv-hylen. Karane sette der med slengjenot'ne og tok mykje sei. Den fiskjin brukte dei sjøle, salta han og laga te turfisk.

Tandstad-karane me' ha ei slengjenot. Rett nedai huset te nå Øggards-Lars Karl sto eit stort naust som dei ha slengjona ti. På Riksheim me ha dei ei slik. Burte på Sandnesa sto eit stort naust. Det var ope, forresten. Nota der vart kalla Stornota. Ho vart brukt utover långs Tandstad-stranda. Dei drog te og me ut på øyane med disse not'ne og sette



Alle teikningane her er teikna av Eldar Tandstad til boka "Lett på døsa di" av Bernt Tandstad.

Ei stornot. Med namn på dei ulike delane.

itte sild. Øftå va det drenginne so reiste ut på øyane med disse not'ne. Når dei kom heim att med fangst, vart silda salta i tynne. Ein kar var notbas. Når folk såg sild, gjekk dei ut på Sandneset og ropte: Ut med stornot'ne!

Der va ein mann uti Gjerdå, han heitte Lars, som ha eit slikt forferdele mål. Du må hauke, du Lars, sa dei. So kremta han Lars og ropte so dei haur 'ånå långande vei'n.

Fiske va viktig for folkje her den tida. Ferskfisk, saltfisk og turfisk va kanskje det viktigaste i matavei'n. Når dei fekk for mykje til eige bruk, selde dei. Eg veit at han far og han Tue-Bern selde øftå. Dei la ei tilje ned i nausttyfta og sat og bytte pengane so mång en gong når dei ha' selt fisk. Det vart no ikkje hunderkronera å dele, - men de kunne vel bli frami hunderkronaren på det beste.

-Fjorden kunne vel gje ei bra attåtinnteikt?
-Ja, det va so.

Ole: Det va halve føda, vart det sagt.

Laura: Ho sa dette, mor te Ingvald og Hans: Eg vil no håpe at det blir ein grand fisk med kastenot'ne te sommaren so øss fær nøke innkome». Der i husa sto det fisk på matbordet støtt. Dei ha mange børnj, åtte i talet på Tue-plassa. Somme tie fiska karane laks. E här itte ein gong dei sette på fjøre sjø utføre der Velledalen Fabrikker ligg no. Karane fekk mykje pjakk som dei bar uppatt i sekka. Det va' kje frysera den tid, veit du, so dei laut røykle all pjakkjin.

Notakast

Kan de hugse namna på notakasta?

Ole: Det inste kastet kalla øss Tongholmen. Utaføre Velledalen Fabrikker. Øss kom inn att i vikja med drotta. Det va eit godt kast. So e det kast i kast utan stans heilt til øss kjem utpå Revet. Der e ein stans, einaste plassen. So va det på Sandnesa, burte der.

- Er det namn på notakasta herifrå mot Revet?

Dei kalla det Småløene på ein plass neda i Johansen. Der sto ei lita løe attmed sjökanta. Våninga va eitt kast. Dei sette med der kaia e no og kom att ved Straumsheim-nausta. Det va et godt kast me'. Der kunne dei ta det treduble samanlikna med kast frå disse si'ne. Der inne va det fullt ta krøppung. No e' kje det løv å sete der.


Laura: So va det eit kast mylljå yste og inste grøvane på Bendik-plassa.

Ole: Det e' kje stans før du kjem ut på Revet. Staden e der telefonkabelen gjeng over Revet. Der e store steina, og derfor vart det kalla Urakastet.


Laura: Krissenfolkje ha ei lita lø der ute. Der va notakast. Ein stad va Gylja-kastet.

Ole: På Ura-kastet, med dei store steinane, måtte det roast so nøyakti. Fekk du nota inn i steinane, vart det stans. Ura-kastet va elles det beste kastet. Der sto krøppung attmed disse steinå.

Laura: So va det Krissensanden nedai Krissenhuset.



Færingen var den mest vanlege småbåttypen i fjorden.



Ei kase, som vart brukt til å bere fisk i.



Laura og Ole Drotninghaug. Foto utlånt av Odd Jostein Drotninghaug,

Ole: Frå Øggardneset va det eitt kast. So va det Øggardsvikja. Før i ti'ne va det eit godt sildekast. No e der so mykje kloakk og svineri at folk set ikkje der i det heile.

Han Olsen utpå Øggarden trong vel heller ikkje ropert med det målet han hadde? (Peter Olsen Tandstad 1870 – 1955, vart til dagleg kalla Olsen.)

Laura: Ja, når han ringde i telefonen ute på Øggarda, haure oss 'nå her innje.

Det var vel ikkje berre sommarstida det var fiske i fjorden. Her var isfiske og, vil eg tru?

Laura: Fiskje gjekk føre seg heile året. Det vart sett ut vakallar.

Isfiske

Ole: Isen kunne vere halvmeteren tjukke. Det var hardnue å lage høl. Øss hengde ned ein ongel som øss krøkte ein levande bleik på, krøkte i ryggjinn og sokkten ned att. So bela du i ein kjøpp. So når kjeppinje dubba, va det fisk på. So mykje vart det no ikkje av slike fiskje, før oftast va det bitande kaldt å stå der. E brukte no og då en vanleg ongel med agn. Når e gjekk ned med mjelkjinne mørgonen i skymingje, hende det e rende burt påisen. Nøkre gonga fekk e 3 - 4 krøppunga på tre kilo enn so. Slik va det berre ein einaste vinter. Isfiske vart prøvd no og då i allje år. Du kunne få ein fisk, men det va ein kalde jobb.

Hende det ulukker når de fiska på isen?

Ole: Ikkje det e veit.

Laura: Der va ei ulukke på Revet. Ein gut frå Gjerdsøvollja før innover isen. På Revet va det straum og tynnje is. Guten sku inn i Straumen før å handle. Namnet va Peder. Han gjekk gjennom isen der på Revet. Folk tok nå fram med not. Han va i konfirmasjonsaldera.

Ole: Det va ein som kollsigde. Du må fortelje om det, Laura.

Laura: Mor fortalte om tre småguta den tida. Det va en preikesundag. Gutane hadde tekje båt og segl og skulde sigle. Det va han Elljen-Ole. Far te nå Petter her heime, han va smågut. Dei hine va ta Ola-garda. Martinus og broren.

Dei va altsot tre. Synnjavind va det, og han kan vere temmele stri. So rauk han upp og hivde rundt båten. Mor sat i stovinje og såg på. Ho ha reivabarn, Karl, som va fødd i 1893. Ho mor la te onda bakkå. Ho ville inn å naustå. Då kom han Ola-Jakup, som også hadde sett ka so hadde hendt. Kur han greidde å slite av drotten som båten var bunden me, veit e ikkje. Han Jakup va so hastige og forskima at han sleit av. Men han kom seg burt på fjorden i ein fart og tok te å berge dei.

Ole: Båten va festa i ei sterkt trosse, men Jakup sette foten onde, skudde på og sleit av. Han va råsterk, han Ole-Jakup. Slik fortalte dei om det som hende.

Laura: E døkkje fleire, spurde han Jakup, han låg og heldt Martines, som va nokso forkomen, veit du. Dei va 'kje fleire, sa dei. Jakup redda alle tre.

Det vart fortalt at han Gylja-Tomas ogso gjekk gjønå isen ute på Revet. Ha vart berga. Brukte folk garn her i fjorden?

Ole: Det va 'kje mykje. Det hende dei kunne setje sildegarn. Laura: Attåt sild fekk dei makrell. Nøkre sildegarn finst endå.

Stokkål

Ola-Andreas og Tørmo-Ole sette her ne 'føre med ei fastnot. So fekk han so mykje stokkål (stor makrell). Fisken var feit og fin og han Ole sa: «Ja, no trur e det at Vårherre helde av meg».

Ole: Det va ein gong om våren e såg mykje fisk kome inn fjorden. Eg sa te 'nå far at det sku være sett no før å sjå ka det va. Far kvidde seg. Han tykte han var før gammalje. «Vert de ikkje ønnjå råd, ska e prøve å vere i lag med deg», sa han.

Øss sette der inni vikjinne, og øss fullasta færingjen med stormakrell, stokkål, som øss seie. Båten va so lasta at øss ikkje fekk nota ned attpå. Det skjedde so seint at han Hjorthol-Petter hadde fått seg lastebil. Han tok fangsta på bilen, for rondt og selde heile greia. Dette va liksom det beste e va med på. For si tid hadde e ei god dagsforteneste.

Var her linefiske?

Ole: Ikkje nøke særle. Du kunne bruke småline uta Revet no i seinare tid, og du kunne vere heldig å få deg litt fisk. Men då måtte du passe vel på månen og sjøen.

Her sto nøke sild ein gong som Tue-Bern og e gjekk itte ein ta dei fysste gongane e va med. Det va her inne rett ne 'føre landa. E sto og drog det e 'årande vann. E va 'kje van med det der. Han Bern sto sjølsagt lengre inni fjorene og knisa og lo og såg kur e sleit. Du skjøna, de ska eit visst lag te å drage nota.


Men øss fekk fram so mykje sild at øss mest fylte båten. Han Eilev-Lars ha ein motorbåt på den tida. Øss reiste burt for å leige han til å ta ein bytur med sild'ne. Silda såg øss ikkje meir att av.

Laura: Øss kunne stå på trøppinje her og sjå sild og makrell kome inn fjorden – laks me'. Dei myrke sildeløppane va greie å sjå i solskina. Det hende e stod nede på rør'ne her og signaliserte kvar karane sku' ha ut nota. Øss ser godt silda når øss stend uppe i høgd'ne. Karane tok seg gjerne ein tur upp for å sjå.

Leif (sonen) og naboguten Stein sette kastenot ein gong her utmed, dei såg lakserensel kome innover. I naustet vårt va ei laksenot, og denne brukte dei. Gutane ringa rondt og fekk mange pjakka. Dei va øgne, karane, kan du vite, då dei kom halande upp bakkane med dragevogn.

Ein kunne sikkert få god fangst den tida?

Ole: Ja, men de va 'kje rovfiskje i dei åra slik so no. Å du hendelse, kur dei fer åt, det e stugt å sjå!





Talen til dei kongelege

Av Ole Bjørn Roald

Ole Bjørn Roald
fødd 1968, arbeider med sal og
marknadsføring for Ekornes. Som
styreleiar i Aura-Påls vene fekk
han æra av å halde hovudtalen til
dronning Sonja og Kong Harald
då kongeparet kom på det aller
første offisielle kongebesøket til
Syklyven 30. august i år.

Dykker Majestatar, velkomne til Aura-Påls rike. Og gratulerer med overstått bryllaupsdag i går.

Statsforvaltar, ordførar og godt folk! Eg trur eg seier gratulerer med dagen til dokke også! For det er verkeleg ein stor dag for bygda og folket. Kongebesøk er naturlegvis ikkje kvardagskost med eit slikt ansvar og langstrekta land som vårt.

Vi høyrer rett som det er at Hennar Majestet Dronninga har vore ein tur i sunnmørsfjella, ja også i Velledalen. Vi veit kong Olav var her rett etter krigen, men då som kronprins, og fleire kronprinsar og kronprinsesser seinare, enten på næringsbesøk eller i sølvbryllaupsfest. Men er det fyrste gong i historia vi har ein konge på besøk? Dei påstår til og med at Olav den heilage segla inn Vegsundet og rett inn Storfjorden, til Valldal i år 1028 utan å stoppe her i vår vakre bygd? Nei det trur vi sjølv sagt ingen ting på. Sjølv om han var på flukt!

Opp gjennom tida, har folk studert i bøker for å finne spor som kan knyte høvdingar eller kongsfolk til vår bygd. Samtidig har lokalbefolkinga støytt på funn i jorda over heile kommunen og ut frå det, alltid visst at her har det budd folk lenge. Men kven og når, har vi eigentleg ikkje visst så mykje om.



Leiar i Aura-Påls vene, Ole Bjørn Roald, heldt talen til kongeparet då dei for første gong var på offisielt besøk i Syklyven.
Foto: Rita Løseth, Nyss.

På ein av sine daglege spaserturar i 1989 så stoppa grunneigar, lærar og lokalhistorikar Per Arne Grebstad opp der kommunen dreiv og grov. Han kika ned i utgravingane og utbraut. «Her skal det ikkje vere Stein i jord!» Sjølv hadde han gått her i barndommen med plog, og visste at den fine jorda skulle vere steinfri. Det blei starten på eit nytt og viktig kapittel i arbeidet med å kaste lys over Sunnmøre si førhistorie.

Akkurat her avdekte fylkeskonservator og arkeolog Bjørn Ringstad dei neste åra store arkeologiske funn, både av nasjonal og internasjonal verdi. Få plasser i landet har ein funne spor så tett som her etter gardsbusetnad. Frå steinalder, inn i bronsealder, inn i jarnalder og vikingtid og opp i mellomalderen. Få plasser er det funne tufter etter så store hus som nettopp her. Her har det budd folk lenge! Mange, jegerar, gardsfolk, og storfolk, om ikkje ein konge, så i alle fall ein høvding eller to. Hadde eg vore høvding så hadde ikkje eg vore i tvil om kor eg skulle busett meg!

Sjå dokke rundt, her er elver med friskt vatn, rik på laks, her er fjell for fangst og vaktpostar, her er flate marker for dyrking av korn og grønt, her er fjord for fiske og ferdsel. Nordover til Nidaros, Lofoten eller dei russiske elvane. I vesterlei mot Island, Shetland, til dei britiske øyane og Syd-Europa, eller i austrelei mot Østersjøen og Gardarriket, alle inngangsportar til Svartehavet og Midtausten. Ein perfekt plass for høvdingar!

Det må ha vore eit storslått syn for dei første folka som kom hit for å drive jakt for over 9000 år sidan. Pilspissar som er funne like i nærheita, tyder på at steinaldermennesket alt var her då og dreiv fangst på fugl, fisk og vilt. På den tida hadde siste istida herja i over 100.000 år, og forma det endelige landskapet vårt med høge taggete topptopp, djupe daler, fjord og fjell. Mellom bakkar og berg ut med havet. Nett slik vi, og som vi også veit Hennar Majestet Dronninga er så glad i. Eg tenker det, at Hans Majestet Kongen ikkje er så lite stolt han heller.

For 3-4 tusen år sidan, medan pyramidane i Egypt blei bygd, sette innbyggjarane her den primitive plogen i jorda. Dei eldste gardshusa det er funne spor av er frå bronsealderen. Ja, eitt av husa kan også vere frå slutten av steinalderen. Berre her på marka er det så langt gjort arkeologiske funn etter minst 20 - 30 hus frå ulike tider. Og her er fleire, nesten uansett kvar vi set spada i jorda.

I bronsealderen var klimaet godt og varmt og det var gode forhold for landbruk. Dei dyrka korn, og kveg, sau og hestar vart teke i bruk som husdyr. Dei hadde lært seg å støype gjenstandar av bronse og lært seg vevekunsten. Kvinnene brukte forbløffande moderne klede, bluser og vide skjørt og hadde gjerne oppsett hår. Mannfolka ser og ut til å vore barberte, elegant kledd i kappe, og trøye. Og dei hadde gode båtar, lenge før vikingane. Seinare blei langhus bygde for folk og fe, og i husa og utandørs i kokengroper laga dei mat av fugl og rein frå fjellet, dei plukka egg, bær og urter, dei fanga fisk i elvane og i fjorden. Elles var det kjøt av husdyr og kornprodukt som graut og brød. Vi reknar med at dei også bryggja øl, ein tradisjon vi framleis held godt i hevd.

Like ovanfor kyrkja er det funne spor etter ein av dei største bygningane som er bygde under jarnalderen i Noreg. Vi kaller den for Gildehallen. Gildehallen har vore 57 meter lang og 10 meter brei. Det er ikkje utenkjeleg at huset kan ha hatt eit høgare midtskip, i to etasjar. Som fylkeskonservator Bjørn Ringstad skriv i si bok, Aura-Pål sitt rike. «Det



Kongeparet kosa seg under det innholdsrike festprogrammet i Sykkylven.
Foto: Rita Løseth, Nyss.

er få hus som kan måle seg med Aurehuset». Når slike store hus har blitt funne har det ofte blitt stor mediedekning og tale om høvdinghus. Storleiken vitnar om den rikdommen og folket som har budd her. Tuftene skal no markerast med skifer og bli bygda sin nye festplass.

Vi tenker gjerne vikingtida, når vi omtaler hallen i forhistorisk tid. Men Gildehallen vart bygd kanskje eit par hundre år før den tida tok til. I vikingtida regjerte Ragnvald Mørejarl i vårt fylke. Nokre meiner den mektige stormannen kan ha hatt hovudsetet sitt nettopp i Sykkylven. Sonen kjent som Gange-Rolv, reiste til Normandie og vart hertug og stamfar til kongsslektene i England. I følgje lokal tradisjon vaks han opp på Roald, på Vigra, mens andre meiner han kom frå Fauske her i Sykkylven. Vi vil naturlegvis hevde, det er herifrå, i vår lille bygd. På kart i Normandie finn vi att våre namn, slik som plassen vår og elva vår, Aure.

No dyrka dei også bygg og havre. Lin og ein del urter var vanlegast. Reiskap var hakke, trespade og ard som utvikla seg til ein plog med jarnbeslag. Til å skjere kornet brukte dei jarnsigd. Under denne perioden kom også Åsatru – Odin og Tor og dei andre gamle norrøne gudane inn og dominerte fram til kristninga av Noreg rundt år 1000 - og ei god stund etterpå.

Ei mektig ætt steig fram i det gamle Møre på den tida. Det var arnungane frå Giske-godset. Fleire av medlemmene av ætta blei kongeleg gift, deriblant Tora som blei gift med Harald Hardråde og mor til kongane Magnus Haraldsson den andre og Olav Kyrre. Dugnadsgjengen som arbeider for å attskape delar av historia, har også reist eit bronseal-

derhus på marka. Huset blir blant anna brukt til formidling av historie til born og unge. Vi kallar oss for Aura-Påls vener. Namnet vårt har vi naturlegvis frå ein av arnungane, Aura-Pål, eller Pål Skofteson som han eigentleg heitte. Han er omtalt i Snorres kongesoger og den første sykylvingen som er nemnd i historia. Aura-Pål var son av Skofte Ogmundson som var søskenbarn til kongane Magnus Haraldsson og Olav Kyrre. Aura-Pål var altså i nær slekt med kongefamilien.

Hausten 1101 la faren og dei tre eldre brørne hans ut på det som mange meiner er det første korstoget frå Noreg. Sjølv var Pål for ung til å bli med. Frå Sunnmøre reiste dei med fem skip, først til Belgia der dei overvintra, så videre, og sommaren etterpå segla dei inn i Middelhavet. Dessverre kom ikkje Skofte seg lengre enn til Roma, der han blei sjuk og døydde i 1103. Også dei tre sønene hans omkom på ferda. Men andre deltakarar nådde målet og kom heim, nokre frå Jerusalem og andre frå dagens Istanbul og kunne fortelje om det dei hadde opplevd.

Borgundknarren, som ligg på fjorden i dag og har følgt kongeskipet inn, er ein kopi av eit vikingskip frå rundt år 1030. Kanskje var det slike skip dei brukte på ferda til Midtausten. Skipet er bygd her på Sunnmøre, i Bjørkedalen. Etter far og brørne døydde, budde Aura-Pål her på garden. Han budde kanskje ikkje fast på Aure i heile sitt liv, men i alle fall lenge nok til at det var naturleg å kalle han opp etter Auregarden. Han var truleg den som fekk bygd kyrkje her og som også tok over Giske-godset etter far sin. Banda mellom kongsætta, Giskeætta og vår bygd ser altså ut til å ha vore nært. Men om her har vore ein konge på offisielt besøk, det har vi ikkje kunna stadfesta - før i dag.

Ulike arbeidsgrupper har over mange år jobba med planar om å få formidla dei unike funna som kan dokumenterast gjennom utgravingane. Vi kunne stoppa der, og la tuftene ligge under jorda freda for all framtid, og la neste generasjonar gå uitande over dei historiske spora, frå steinalderen med flint og øks, inn i bronsealderen fullt av religiøse gjenstandar og statussymbol, til jernalderen med småkongar og gildehus, mat og fest, til vikingtida styrt av drakar og norrøne gudar. Men!

Som Sagastad i Nordfjordeid og Borg i Lofoten og fleire andre slike plasser i landet har også vår bygd ei rik historie å fortelje, for det viser seg at ho er så mykje lengre og meir innholdsrik enn vi har trudd. Midt i smørauget for mattradisjonar og turistnæringer, er det nett slikt eit senter mange i Sykkylven ønsker seg, også vi i Aura-Påls vener.

I bygdesongen vår av Henrik Straumsheim heiter det så fint:

«Eg veit ei bygd der inne, imellom fjell og fjord, ho gøymer tusen minne, dei kjæraste på jord, så mang ei bygd og mang ei grend var vakker nok og vide kjend, men ei imellom hine, i minneglansen skine.»

Gode konge og dronning, vi er umåteleg takksame for at de er her i dag og held liv i vår historie og vårt kongedøme. Endeleg kan vi seie med 100 % sikkerheit.

«Ja, her har kongen og dronninga vore.»

Biletkavalkaden 2022

B I L E T K A V A L K A D E 2 0 2 2

Her er nokre glimt med små og store hendingar i året som gjekk, teke ut av fotoarkivet til lokalavisa Nyss.



Ekstremveret Gyda. I starten av året var det mykje regn vind og fleire stormar. Spesielt stormen Gyda var det mange som frykta på førehand. Kjell Olsen og Inghild Bøe var mellom dei mange som gjekk tur og sjekka værforholda medan Gyda herja, men dei syntest ikkje det var så gale som varsla. Det vart mest vått. Foto: Monica Aure Fallingen.



Topp bustadsal. Espen Garli er dagleg leiar ved Aursnes & Partners og kunne i januar fortelje til Nyss at dei hadde selt 90 bustader i 2021, noko som var meir enn nokon gong før. I same periode hadde det aldri hadde vore så mange bustadar til salgs i Sykkylven nokon gong. Han peika på at auken hang saman med industrien si positive utvikling i Sykkylven, noko han meinte har ein direkte påverknad på bustadmarknaden. Foto: Christine Fohlin Verneland.



Soga om Rema 1000. Saka om kvar det skulle etablerast Rema 1000-butikk har rulla og gått i fleire år. I februar lanta kommunestyret på eit alternativ, det sørlege alternativet vart vedtatt. I tillegg vart det bestemt at arbeidet med planlegging av kommunalt areal på kaiområdet skal fortsetje parallelle med detaljregulering av butikkarealet. I september vedtok kommunestyret å utsetje saka om signering av avtale mellom REN Sykkylven og Sykkylven kommune. Foto: Even Ørjasæter



Ny, stor maskin. Konsernsjef Roger Lunde hos Ekornes fekk æra av å klippe snora då den nye stormaskina til Pla-Mek offisielt blei innvja i mars. Ein kunne lese at Ekornes var den aller største kunden til Pla-Mek, som produserte plastkomponentar til Stressless-stolane til møbelprodusenten. Pla-Mek skaffa seg ei ny sprøytestøypemaskin, som var ei av dei største i landet. Denne kunne produsere både sete og rygg til diningstolane til Ekornes. Foto: Even Ørjasæter



Endeleg 17. mai-feiring. Strålande sol frå ein skyfri himmel, festkledd menneske i gatene, korpmusikk og norske flagg. Etter to år med pandemi kunne det ikkje bli ei betre ramme rundt nasjonaldagen enn akkurat den vi fekk i 2022.
– Eg fekk gásehud og tårer i auga då toget kom gjennom sentrum. Det var noko heilt spesielt i år, var det ei som sa. Foto: Christine Fohlin Verneland



Feira Pride. I juni vart det feira Pride over heile landet, for å markere skeive sine rettigheter. Spesielt terrorangrepet utanfor utepllassen London i Oslo gjorde at endå fleire enn før kjende at dei ønskete å markere og vere motvekt. For første gong var det også tog i Sykkylven. Ei rørt og rakrygga mamma Emina Hajic Winsrygg var stolt av dottera si, Amalie, som hadde ei tøff tid før ho kom ut av skapet og fram til ho «fann seg sjølv». Foto: Christine Fohlin Verneland.



I gang med Høbben. Ein glad gjeng kunne endeleg ønske velkommen til preopning av den nye ungdomstilbodet Høbben 27. august. Ungdomen kan halde på med mellom anna brettspel, spelkonsollar og gaming-PC-ar, og der er også laga til eit eige kringkastingsrom. Bak frå venstre: Marius Kornberg, Nicolai Karlsen, Fredrik Hole Ulla, Sondre Kaland, Ole Kristian Vik Skogen og Vegard Eidem. I midten: Hanna Ebbesvik. Framme i kvite t-skjorter frå venstre: Victoria Brungot, Alise Blindheim og Linea Skogvold Støylen. Foto: Even Ørjasæter.



Elton John-suksess. Stemninga stod i taket då Sunnmøre prosjektkor med musikalsk leiar Erlend Dalen, prosjektleiar Lindis Utgård, Møremusikarane og solistane Maria Holand Tosse og Knut Marius Djupvik baud på det beste av Elton John i Sykkylven storhall framfor 600 publikummarar ein laurdag i august. I tre år måtte ein vente på konserten, og den var verdt å vente på! Konserten «Your song» blei vidare framført fleire andre stadar kring på Sunnmøre. Foto: Monica Aure Fallingen



Fekk att pasientreisene. 1. juni vart det klart at NorgesTaxi hadde vunne anbodet om pasienttransport på Nordre Sunnmøre. Etter det var historiene mange, om pasientar som ikkje hadde blitt henta til rett tid, eller ikkje i det heile tatt. Kjell Bjørn Skarberg og Odd Arne Bø i Sykkylven Taxi var glade då meldinga kom om at dei lokale selskapene fekk ta over avtalen igjen i september, fram til ny anbodsrunde. Foto: Christine Fohlin Verneland.



Frykta nedlegging. Lars Einar Riksheim og Grethe Loe ved Innovern håpa at myndighetene snart ville fatte eit vedtak om at Noreg skal ha ein nasjonal beredskapsproduksjon av smittevernustyr. I mellomtida blei det produsert munnbind som hamnar på lager i Sykkylven, fortalte dei.
– Det er som å stange hovudet i veggen. Vi har ikkje gitt opp, men om vi ikkje får ei avklaring snart, er det ikkje realistisk at vi må legge ned drifta. Foto: Christine Fohlin Verneland.



Sær vellukka kongebesøk. Tysdag 30. august kom kong Harald og dronning Sonja på sitt første offisielle besøk til Sykkylven. I strålande vér møtte dei eit folkehav utan like, både ved småbåthamna og langs heile reiseruta til Kyrkjeparken. Der fekk dei møte lokale matvareprodusenter, representantar frå industrien og dei fekk både musikk, dans og underhaldning. Foto: Rita Løseth.



Tøffe tider i industrien. Etter ein svært god periode for mange møbelbedrifter, har det den siste tida gått tregt for mange. I haust kom nyhenda om at Ekornes måtte seie opp 80 tilsette. Leininga gjekk hovudsakleg etter ansiennitet når kven som måtte gå skulle veljast, og ein av dei spente tilsette som var i faresona var Anna Decyk. Ho håpa mest av alt at bedrifta skulle kome seg på sporet igjen, og at det kanskje ville bli høve for dei som måtte gå å kome tilbake. Foto: Monica Aure Fallingen.



Kjetil Tandstad
fødd 1950, har bakgrunn som
journalist og som leiar ved
Møbelmuseet i Sykkylven. Han er
redaktør i Årbok for Sykkylven.

Alkohol-liberalisme i formannskapet

Av Kjetil Tandstad

Misser ein retten til å lage brennevin, vil handelsmenn gå over ende og mange bønder bli ruinerte, meinte eit samrøystes formannskap i 1843. Og restriksjonar på brenning og omsetning ville vere i strid med sjølve Grunnlova.

Tilverking av brennevin har igjen blitt næring, også i Sykkylven. Brenneriet Grova i Straumgjerde har alt blitt eit populært turistmål og har blitt møtt med velvilje både av innbyggjarane og kommunestyret. Det vesle brenneriet har lånt namn frå Brennevinsgropa ved Fetvatnet, som i følgje tradisjonen skal ha så godt vatn at det hadde same gode verknad på humør og helse som ein mente brennevinet hadde i gamle dagar.

I dag er produksjon og sal av brennevin og annan alkoholhaldig drikk underlagt strenge statlege reguleringar og omsetning skal berre skje gjennom Vinmonopolet. Slik var det ikkje for to hundre år sidan. I 1816 vart produksjon og sal av brennevin frigitt ved at kjøpstadene ikkje lenger skulle ha einderett på å lage brennevin. Argumentet var at også bygdene rundt om i landet skulle få ta del i denne innbringande produksjonen. Stortinget meinte at frisleppt ville vere til gagn for næringslivet både i by og bygd og dessutan gi inntekt til statskassa, som var meir enn slunken etter nokre tronge år etter 1814.

Dobling av forbruket

Men dette førte også til ein stor auke i brennevinforbruket. I 1815 var forbruket truleg 6,2 liter rein alkohol per innbyggjar. I tillegg kom ein del «smugbrænding» som, i følgje den kongelege brennevinskommisjonen, såg ut til å ha spela ei stor rolle før 1816. Men i 1833 hadde brennevinforbruket blitt dobla - til 12,3 liter rein alkohol per innbyggjar.

Tala er usikre så langt tilbake, men auken kunne ikkje neglisjerast. Dette var ein situasjon som ikkje kunne halde fram, innsåg stortingsfleirtalet. I 1827 og 1837 vart det vedteke nye lover. Først endra ein utrekninga av brennevinavgifta frå å ta utgangspunkt i matrikkelen (eigedomsregisteret) til kor store brennevinskjelane var. Små kjelar vart forbodne. Det førte til færre lovlege brennevinskjelar. Det nye avgiftssystemet stimulerte overgang frå såkalla «husbrenning» til «fabrikkbrenning» også på andre måtar. Bønder som produserte brennevin skulle ikkje selje mindre kvanta enn tre liter. Lokale styresmakter skulle passe på at det ikke vart for mange som fekk skjenkerett. Det vart også forbod mot å skjenke folk slik at dei vart rusa og å skjenke born, læregutar og unge tenestefolk.

Effekten var ikkje stor og ti år etter vart regelverket stramma endå meir inn. Den tekniske utviklinga hadde gjort produksjonen mindre avhengig av storleiken på kjelane samtidig som brennevinet også vart rimelegare å produsere. Fram til no hadde salet først og fremst gått frå dei som produserte brennevin og som automatisk også hadde rett til å selje. I byane kunne alle som hadde handelsborgarskap også selje brennevin. Når det galt skjenking, var dette knytt til eit løyve til å drive vertshus eller gjestgjevargardar.

Kongens nei

No skilde ein reglane for produksjon frå lovverket for sal og skjenking. Slik kunne ein



legge ei eiga avgift på småsal, slik at også forbruket og ikkje berre produksjonen vart skattlagd. Avgifta skulle gå til fattiggassene. Etter formannskapslova i 1837 var det det nye formannskapet i samråd med fattigkommisjonen som skulle bestemme talet på skjenkjeløyve i kommunen. Lova av 1837 innførte to av dei mest sentrale verkemidla i norsk alkoholpolitikk seinare: Særvagifter på sal og løyve for sal og skjenking.

Fram til no hadde alkoholpolitikken vore dominert av eit næringsliberalt grunnsyn. Men dei sosiale problema vart meir og meir synlege. Stortinget måtte endre politikken. 1842 vedtok Stortinget ei lov som skulle forby tilverking av brennevin. Regjeringa, som tenkte på inntektene til statskassa, var imot og fekk kong Carl Johan med på å nekte å sanksjonere lova. Dermed vart stortingsvedtaket ikkje sett ut i livet. Men i prosessen sende i alle fall regjeringa stortingsvedtaket ut til alle formannsskapa i landet og bad om deira mening.

Ørskog formannskap 12. april 1843:

Møtet er sett i stova til Andreas Eliassen Aure i Eljasgarden på Aure i Sykkylven. På sakskartet står blant anna fråsegna om stortingsforslaget om å forby brennevinsproduksjon.

Fra Sykkylven møtte ordførar Schølberg. Han var frå Åfjord, kaptein i Hæren og inspektør for Vegvesenet i tillegg til at han hadde gard på Ikornnes. Han var den første ordføraren vald frå Sykkylven sokn. Han flytta frå bygda i 1844.

Handelsmann Thommesen, Tusvik. Han var fødd på Riksheim og dreiv handel i Tusvik. Aktiv i kommunepolitikken i ei årrekke.

Berent Knudsen Wiig heitte opphavleg Nysæter, men gifte seg til Vik. Han var ein drivende gardbrukar i Styrkågarden på Vik og var i tillegg kommunepolitikar og lagrettemann.

Claus Hoele. Aktiv og framsynt gardbrukar frå Haugbruket på Hole. Lagrettemann.

Fra Ørskog sokn møtte følgjande representantar:

Aure på 1860-åra, eit par tiår etter den liberale fråsegna frå formannskapsmøtet i 1843.
(Bilde frå Jon Hole: Bygda og folket i farne tider.
Band 1)

Ole Sollied, lærar i yngre år. Stortingsmann i 1830-åra og var med på å utforme formannskapslova på Stortinget. Han vart vald til første ordførar i Ørskog. Gardbrukar, lagrettemann og aktiv politikar gjennom eit langt liv.

Frederik Søholdt, gardbrukar, også lærar i unge år og aktiv i kommunestyringa nesten heile livet. Han sat i forlikskommisjonen i meir enn 50 år. Lagrettemann.

Bendix Skarbøe. Byrja som lærar og var så lenge i tenesta at han slapp militærtjeneste. Kommunepolitikarar og gardbrukar.

Frå forhandlingane:

Ordførar Schølberg: Vi har mottat Cirkulaire frå den kongelige Finantz-, Handels og Tolddepartement av november 1842, med Stortingets beslutning til Lov om Brendeviinsbrændingen i Norge, den norske regjerings Indstilling i Anledning av nævnte Lov, samt Utdrag av politimester Gjerdums, proprietær Maus' og professor Bøhls angivne Betenkning om denne sak.(...)

Meget har vært skrevet. Ofte har denne sak været debattert mann og mann imellom. Vi er alle kjent med at innskrenkinger av brennevinstilvirkning vil være en sann ulykke for bøndene. Mange vil gli ud i ringe kår, kanskje armod.(....) Ordet er fritt!

Handelsmann Thommesen: Eg er heilt enig med ordføraren. Viss det blir slutt på brennevinsbrenning i Ørskog og Sykkylven og andre stader i landet, skal det bli gode tider for smuglarar langs den lange kysten vår. Utlanders vil tene store pengar, og vi vil sitje att i fattigdom. No må vi vere på vakt. Det er ikkje berre vi handelsfolk som vil miste eksistensgrunnlaget. Mange bønder vil bli ruinerte. Vi må gå imot den nye lova så sterkt vi greier.

Ole Sollied: Eg er overbevist om at all innskrenking i brennevinsproduksjonen og omsetninga ikkje stemmer med vår frie forfatning frå 1814. Lova seier at ein kvar har lov til at foredle dei produkt som ein avlar til størst mogleg nytte. Skulle brennevinsbrenning bli forbode i Noreg, vil utlanders hauste alle fordelar.

Berent Wiig: Heilt enig! Tenk å forby denne viktige næringsgreina. Det er forferdeleg at stortingsmennene skal vere så korttenkte. Mang ein gjev kar har brennevinsbrenning som einaste levebrød. Og kor mange har ikkje skaffa seg kostbare bygningar og kostbar apparatur? I våre dagar er mange sysselsette med brennevinsbrenning og omsetjing av denne viktige vara, at heimane vil bli brødlause viss brenninga tek slutt. Og tenk på fattigkassene. Dei skal sanneleg få nok å betale...

Claus Hoele: Alt som har vore sagt i denne saka er eg einig i. Men vi må tenkje litt lenger og sjå i auga at brenninga i seinare tid har teke ei vending som ikkje er ynskjeleg. Alle som har matrikulert jordbruk har lov til å brenne i kjelar som berre tek 60 potter. Er det rart det har gått gale? Tenrarar og plassemenn har både blitt med og brent og drukke brennevins, og sånt er ikkje innanfor lova. Som vi veit, har heller ikkje produsentane lov å selje ut i smått, i drammar, eller flasker for den del. Slikt må rettast på, slik at alle produsentar sel i så store kvanta som lova seier. Kjelane som berre tek 60 potter er det reint forkastet å bruke. Brennevinet blir av dårlig kvalitet. Eg meiner sjølvsgåt at brenninga må vere fri. Men det må ikkje vere lovleg å brenne i kjelar som tek mindre enn 180 potter. No må vi sanse oss!

F. Søholdt: Eg er stort sett einig med dei som har talt før meg. Det er alminneleg godtatt at brennevinet så å seie har blitt nødvendig. Konkurranse frå utlandet har vore nemnt. Så einig, så einig, Ein høgare toll vil opplagt hemme tilforsla av utanlandsk brennevins. Men smuglinga langs ei kyststrekning som ser ut som den norske, er umogleg å førebyggje, og det til tap for statskassa og det vil tvillaust føre til demoralisering av sed og skikk. Og til

produsentane som har selt brennevins i smått er det berre ein ting å seie. Sånt er både ulovleg og usmakeleg. 180 potters kjelar trengst om brennevinet skal få skikkeleg kvalitet. Vi må stå samla mot den nye lova!

B. Skarbøe: Eg har ikkje mykje å tilføye. Eg vil berre ha sagt at vi må sjå til at tenrarar og plassemenn ikkje held fram med å drikke utanom lovens bokstav, slik at den frie brennevinsomsetninga kjem i vanry. Våre tingmenn frå landsbygda har kjempa for størst mogleg friheit i både framstilling og omsetting av brennevins. Dei har kjempa med heider. Lat oss føre kampen vidare og ikkje legge kysten open for utanlandsk brennevins. All innskrenking vil føre rett i ulukka!

Ordførar Schølberg: Da har alle hatt ordet. Jeg tar det for givet at vi fører til protokolls en redegjørelse fra Ørskog kommunes formenn, som entydig går mot Stortingets lovforslag som forbyr brennevinsbrenning. Redegjørelsen vil inneholde de momenter som i saken er fremkommet i dagens møte. Ordføreren anser dette som enstemmig bifalt.

Kva skjedde vidare?

I 1845 la Stortinget ned forbod om å nytte kjelar mindre enn 100 potter (ca 100 liter). Det vart samtidig nedlagt forbod mot å brenne om sommaren. Grensa for avgiftsfritt sal vart heva frå 5 til 40 potter, altså eitt brennevinsanker.

I 1848 vart sommarforbodet utvida til eit halvt år og avgifta på framstilling av brennevins vart så høg at det nesten kunne sjåast som ei forbod om heimebrenning. Talet på brenneri i landet gjekk ned frå 700 til 40 på to år. Tre år etter vart produksjonsavgifta tredobla. Og så gjekk historia vidare, med stadig nye reguleringar og avgifter og ein alkoholpolitikk i spennet mellom liberalisme til forbodspolitikk. Ein landa på ein politikk med vinmonopol og et nøyne oppbygd kontrollregime for å halde alkoholbruken på eit lågast mogleg nivå.

Å sleppe brennevinet laust, var ingen farande veg. Det lærte ein alt i 1833, då forbruket – vesentleg brennevins – vart rapportert til 12,3 liter rein alkohol per vaksen innbyggjar. Det var ei dobling i løpet av få år og årsaka til at Stortinget følgde opp med ei rekke restriksjonar dei neste åra.

Slik har det gått:

I 1815 drakk vi 5,47 liter rein alkohol per innbyggjar over 15 år. Brennevins står for 4,7 liter.

I 1850: 6,5 liter rein alkohol per innbyggjar. Av dette står brennevins for 5,6 liter.

1900: 4,47 liter rein alkohol per innbyggjar. Av dette brennevins: 2,41 liter.

1950: 2,87 liter rein alkohol per innbyggjar. Av dette brennevins: 1,61 liter.

2000: 5,66 liter rein alkohol per innbyggjar, av dette brennevins: 1,05 liter

2020: 7,23 liter rein alkohol per innbyggjar, av dette brennevins: 1,23 liter.

Oppsummert: Vi drakk meir alkohol i dag enn vi gjorde på 1800-talet. Konsumet er stigande. Men vi drakk langt mindre brennevins.

Kjelder:

Jostein Drabløs: Brennevinsdebatt i Ørskog formannskap 12. april 1843. Møtereferatet med innlegga til representantane er språkleg modernisert av Jostein Drabløs med tanke på at det skulle framførast som ein sketsj i Velledalen ungdomslag. I manus poengterer han at alle argumenta som blir nytta i debatten er henta frå formannskapsprotokollen.

Uprenta manuskript deponert hos Sykkylven sogenemnd.

Folkehelseinstituttet: Historisk oversikt Alkohol i Norge 1816 – 2021|

Folkehelseinstituttet: Alkoholforbruk per innbygger. 2017.

Tre dikt

Av Per Flaaen

VANN

I kampen om hverdagens goder
vi glemmer så lett,
i vårt vannrike nord,
at vann er tilværelsens moder.
Som ammer vår skrantende jord.

Å våge å tro det du øyner,
når verden fornekter
naturens beskjed,
og svarer med løfter og løgner.
Som drysses så rikelig ned.

Men øverst står isen og vannet.
En flyktig og evig
betingende pakt.
Fra dråpen som væter din panne
til havet, med gudegitt makt.

Selv gullet som skinner i gruset,
med løfter om rikdom
for trell og for fri,
skal tape sin glans imot suset
fra elven som strøk det forbi.

QUO VADIS EUROPA

Atten tolv
et fornedrelsens år,
med storm mot den russiske skanse.
Napoleons hær over grensene går.
Makt og begjær over sinnene rår,
fordekt under fransk eleganse.

Branner slukkes,
men ulmende glør
blir liggende tett under mosen.
Vevert og skjørt ble forsoningens slør.
Mot øst skal, for alltid, bli lukket en dør
og krig ble ditt navn Europa.

Tjue år
ble forsoningens frist,
før brannenes brann mellom branner,
skal tennes av vanviddets ulmende gnist.
Så skremmende likt det som hendte her sist.
Ført an under frihetens banner.

Atter tegnes
forsoningens kart
med trussel og hånden på klingen.
Og skadeskutt bjørn og den tapende part
har enda et kort, som kan kynisk bli spart,
til siste kapittel i ringen.

VAKTSKIFTE

Her stand dei ved enden av livsens tråd.
Den eine skal nyste, den andre skal gå,
Og lite om leia dei visste.
Den eine har draumar og ungdoms merg.
Den andre har skråmer fra røyndomens berg.
For dagen ei dugande niste.

Som dagane stilnar då kjem dei att,
dei voner du sløkte og knutar du batt.
Lik båra som bryt imot stranda.
Men løys du din draum og stig trygg om bord.
Når lagnadens skugge tek tørn ved ditt ror
då modig du rekkjer han handa.



Drope som treff ei
vassflate. Finalist i
Picture of the year
2012. Wikimedia
Commons. Foto: José
Manuel Suarez.

Desse har vore med å støtte utgjevinga av

Årbok for Sykkylven 2022

**Sparebanken Møre
Coop Extra Sykkylven**

SandellaFabrikken AS

Brunstad AS

Sykkylven Gjensidige Brannttrygdelag

Advokat Kjetil Kvammen

Amatec AS

LK Hjelle

SapDesign

Nyborg AS

Ekornes

Formfin Møbler AS

Sykkylven Energi

Handelsservice AS

Fishtech Hygena AS

B.S. Aure AS

Spar Sykkylven


Møre Trafo AS

Straumgjerde for halvanna hundreår sidan

«Parti fra Strømgjerde i Sykkylven på Søndmøre», fotografert i perioden 1860-1870. Biletet er ein del av samlinga Norske prospekter i bilesamlinga i Nasjonalbiblioteket og no fritt tilgjengeleg via Wikipedia Commons.

Fotografen var Marcus Selmer, ein av dei mest kjende fotograf-pioneerane her i landet. Marcus Selmer vart fødd i Randers i Danmark 6. oktober 1819 og døydde Bergen i 1900. Han praktiserte først i Stavanger ei kort tid før han slo seg ned i Bergen som daguerretypist og fotograf. Han budde i Bergen resten av livet, men han brukte mykje tid på å reise rundt i heile Noreg for å fotografere landskapsbilete. Bileta selde han for ein stor del gjennom bokhandlane. Etter kvart vart han ein svært kjend landskaps- og portrett-fotograf og frå 1880 var han også kongeleg hoff-fotograf.

I 1872 gav han ut «Catalog over Fotografier af Norske Nationaldragter, landskaber og Stereoskop-billeder. Efter Naturen optagne af M. Selmer i Bergen. Etter 1880 omsette han og gav ut boka Publikum i Fotografens Atelier av W.W. Majorkiewicz. Boka var ei orientering om «hvorledes man skal vælge sin Klædning og forholde sig, for at erholde et godt og smukt Portrait».



TSON-13: 978-82-92269-31-2



Pris kr. 150

VIPPS Sykkylven Sogenemnd
582638

ISBN 978-82-92269-31-2

Oktobe
Mandag Tirsdag

4 5
11 12
18 19